




# Bygland kommune



# Budsjett 2021 Økonomi- og handlingsplan 2021-2024

**Vedteke dokument**

Kommunestyret PS 103/2020, den 21.12.20

## **FORORD**

Kommunedirektøren legg med dette fram sitt framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021–2024. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2020–2023, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Utviklinga i kommunen sine inntekter har vore negativ frå 2012. Den negative folketalsutviklinga gjennom mange år har ført til nedgang i inntekter frå skatt og rammetilskot. Dei kraftbaserte inntektene viser også ein klar nedgang. I budsjettet for 2015 var kommunen i ein situasjon der det ikkje lenger var nok å nytte ostehøvel for å få budsjettet i balanse. Budsjettet vart som kjent saldert med bruk av fond. I budsjettet for 2015 vart det vedteke å redusere budsjettramma for 2016 med 8 millionar for at budsjettet for 2016 kunne salderast utan bruk av fond.

I budsjettet for 2021 er situasjonen meir krevjande enn nokon gong. Utgiftene til barnevern har auka dramatisk i 2020 og det ser ut til å halde fram i 2021. Ut over det får vi eit stort fall i utbyte frå Agder Energi etter mange år med stabile høge inntekter. Med så låge kraftprisar vi har hatt i 2020 er det grunn til å frykte at inntektene frå konsesjonskraftsal og utbyte frå Agder Energi vil bli låge også i budsjettet for 2022.

Det er umogeleg å få eit budsjett i balanse utan å gjøre strukturelle grep. I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett ligg det inne framlegg til kutt som fører til at driftsnivået er tilpassa inntektene frå 1.8.2021. Det er også lagt opp til ein gjennomgang av pleie og omsorgstenesta og butilbod og tenester til personar med psykiske lidingar. For å gjennomføre dette arbeidet er det framlegg om å engasjere ein ekstern konsulent til å gjennomføre dette arbeidet. I tillegg vil det kome ei sak om legesamarbeid med Evje og Hornnes kommune som etter planen vil gi reduserte utgifter for kommunen.

På inntektssida er det lagt opp til ein stor auke i kloakkavgiftene frå 2021. Det er også mogeleg å innføre eigedomsskatt på hus og hytter som vil gi inntekter på omlag 3 millionar i året. Dette er ikkje teke inn i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2021.

Setesdal Vekst er eit treårig næringsprosjekt i Bygland kommune som starta opp vinteren 2019. Prosjektet kom i stand for å fylle ledige næringslokale i sentrum av Bygland etter at Lensmannskontoret og Sparebanken Sør hadde lagt ned sine kontor. Siktemålet er å skape vekst i næringslivet i Bygland kommune og andre kommunar i Setesdal. Prosjektet er finansiert med kr 1,5 mill. frå Setesdal Interkommunale politiske råd og kr 1,5 mill. frå Bygland kommune. Siri Lande er tilsett som prosjektleiar. Dette er etter kommunedirektøren si mening ei rett satsing for å skape grunnlag for vekst i kommunen. Det er kome nye etableringar som følgje av prosjektet og vi vonar det kjem nye i 2021.

Eit anna viktig tiltak i budsjettet er utvikling av Presteneset til framtidig bustadbygging og næringsutvikling. Det er viktig å legge til rette for bygging av attraktive bustader både for kommunen sine innbyggjarar og innflyttarar. Denne satsinga er godt i samsvar med ønsket om å bygge tettare og meir kompakt sjølv i utkantkommunar. Ein vonar at dette vil vere starten på ei vidare utvikling i Bygland sentrum. Det er gledeleg å registrere at det nå er starta opp bygging av ein ny 6-manns bustad i Bygland sentrum.

I 2019 vart reguleringsplanen endeleg godkjent og det er nå kome tilbod frå Opplysningsvesenets fond om å selje prestegarden til kommunen. Det er viktig å arbeide vidare med utvikling av området i 2021.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen er godt i gang. Samfunnsdelen vart vedteke i 2020 og handlingsdelen i kommuneplanen er nå innarbeidd i budsjettet.

Samfunnsdelen har som hovudmål å sikre ei heilskapleg planlegging og at vi - *kommunen som samfunn og organisasjon* - dreg i same retning. Den skal danne grunnlag for einingane sine planar og verksemd i kommunen.

I kommuneplanen er det følgjande hovudsatsingsområder:

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport og kommunikasjon

Ein vil spesielt ha fokus på desse gjennomgående perspektiva:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

Arbeidet med arealdelen starta opp i 2020 og den vil ha samfunnssdelen som grunnlag. Kommuneplanens arealdel skal gje hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som skal settast i verk, samt kva for viktige omsyn som å takast i vare ved disponering av areala. Det blir starta ein medverknadsprosess og vi ser fram til å få gode innspel til arealdelen.

2020 har i stor grad vore prega av Covid-19-pandemien. Kriseleiinga med god fagleg støtte frå kommuneoverlegen, tenesteleiarane og ikkje minst alle tilsette har gjort ein god jobb for å førebygge smitte og handtere dei sakene vi har hatt. Vi må alle vere takksame for at vi ikkje har hatt dødsfall i kommunen som følge av Covid-19-pandemien. Pandemien held riktig nok fram med stor styrke og vi må heile tida vere i beredskap og førebu oss på nye smitteutbrot.

Kommunedirektøren opplever at Bygland kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar, sjølv etter at driftsnivået er kraftig redusert. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orienterte mot utvikling. Det skjer mykje positivt, som gir grunnlag for å halde fram arbeidet med å løfte omdømmet til kommunen og våge å vere stolte av eigen kommune.

Til tross for mykje å glede seg over i 2020, er den største utfordringa for kommunen framleis den langsiktige negative folketalsutviklinga. Kommunedirektøren er viss på at både politikarane og administrasjonen tek denne utfordringa på alvor. Kommunedirektøren trur vi må utfordre kvarandre på å vere innovative for å finne grunnlag for positiv vekst og utvikling i kommunen.

Aasmund Lauvdal  
Kommunedirektør

## **INNHOLD**

<b>1. FRAMLEGG TIL INNSTILLING .....</b>	<b>6</b>
1.1    FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ÅRSBUDSJETT 2021 .....	6
1.2    FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ØKONOMIPLAN 2021-2024 .....	7
<b>2. UTVIKLING, UTFORDRINGER OG STATUS.....</b>	<b>8</b>
2.1    FORMELLE FORHOLD VEDK. ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.....	8
2.2    GENERELLE HOVDLINER – SAMANDRAG.....	8
2.3    REGIONPLAN ÅGDER 2030 .....	9
2.4    Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032 .....	10
2.5    FOLKEHELSEARBEID I BYGLAND KOMMUNE .....	10
2.6    VERDIAR I BYGLAND KOMMUNE .....	10
2.7    FOLKETALSVUTVIKLING .....	11
2.8    STATUS ØKONOMI: KOSTRA-TAL FRÅ 2019 .....	12
2.9    UTVIKLING ØKONOMI: PROGNOSER FOR 2021-2024 .....	17
<b>3. DRIFTSBUDSJETTET .....</b>	<b>19</b>
3.1    OVERORDNA RAMMEVILKÅR.....	19
3.2    KOMMUNEN SINE DRIFTSINNTEKTER.....	19
3.3    KOMMUNEN SINE DRIFTSUTGIFTER .....	25
3.4    BUDSJETTRAMMER FOR EININGANE.....	29
<b>4. INVESTERINGSBUDSJETTET .....</b>	<b>38</b>
4.1    HOVUDOversikt INVESTERINGER 2021 .....	38
4.2    INVESTERINGER I ANLEGGSMIDLAR FOR BUDSJETTET 2021 .....	39
4.3    FINANSIERING AV INVESTERINGER 2021 .....	43
4.4    UTLÅN (STARTLÅN) .....	43
4.5    HOVUDOversikt INVESTERINGER I ØKONOMIPLANPERIODEN .....	44
4.6    INVESTERINGER I ANLEGGSMIDLAR I ØKONOMIPLANPERIODEN.....	45
4.7    FINANSIERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET I ØKONOMIPLANPERIODEN.....	47
<b>5. KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL.....</b>	<b>48</b>
5.1    INNLÉIING .....	48
5.2    TILTAK INNANFOR SATSINGSMÅRÅDA .....	48

<b>VEDLEGG: BUDSJETTSKJEMA.....</b>	<b>59</b>
A BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT) .....	59
B BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT) .....	60
C ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT (ÅRSBUDSJETT).....	61
D BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT) .....	62
E BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT).....	63
F BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT) .....	64
G BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING .....	65
H ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT ETTER ART, ØKONOMIPLAN .....	66
I BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT).....	67
J BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING .....	68
K DOKUMENTASJON AV FRIE INNTEKTER .....	69

## **1. FRAMLEGG TIL INNSTILLING**

### **1.1 Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2021**

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2021, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2021.

#### **Skattesatsar/marginavsetning**

Skatten for 2021 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek. For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. For 2021 vil kommunen og skrive ut eigedomsskatt på det som tidligare var definert som verk og bruk jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova. Eigedomsskatten vert fastsatt til 7 %.

#### **Kommunale avgifter og betalingssatsar**

For 2021 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar:

Bygland kommune legg opp til 100 % dekningsgrad på kommunale avgifter, med unntak av årsavgift på kloakk og vatn.

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)	vert auka med 2,7 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.)	vert auka med 12,0 %
- Slamavgift	vert auka med 2,7 %
- Tilkoplingsavgift for vatn	vert auka med 2,7 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk	vert auka med 12,0 %
- Renovasjonsavgift hus	vert redusert med 5,0 %
- Renovasjonsavgift hytte	vert redusert med 5,0 %
- Feieavgift	vert ikkje endra

Dette svarar til ei vekta gjennomsnittleg auke på 3,75 %. Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til gebyrregulativ 2021.

#### **Låneopptak**

Det vert lagt opp til eit finansieringsbehov ved lån/ubrukte lånemidlar til investering på 5,11 millionar i 2021. Før ein tek opp nytt lån, vert ubrukte lånemidlar frå året før nytta. På noverande tidspunkt legg ein ikkje opp til å ta opp nye startlån i 2021, men viss behovet endrar seg i løpet av året vil ein i så tilfelle fremje dette som ei eiga sak.

#### **Andre forhold**

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultat-eining:
  - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
  - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å bruke av, og avsette midlar til einingsfond.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapet vert gjort opp med underskot.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å prioritere finansiering av investeringsrekneskap innanfor budsjett.
6. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å fordele kostnadene mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet.
7. Prosjekt nr 869, kr. 300.000,-, vert å utsetje til 2022. Bruk av lån og mva-kompensasjon vert endra i samsvar med dette.
8. 1. Kommunedirektøren vert beden om å innhente tilbod på kjøp/leasing av køyretøy som kan køyrast på førarkort klasse B, og som har moglegheit for transport av rullestol.  
2. Tilbod bør sjåast i samanheng med prosjekt 570, avlaupsbil.

3. Sak om evt kjøp/leasing, vert å leggje fram for kommunestyret til handsaming
9. 1. Driftsramme for eining Drift og forvaltning vert å auke med kr. 200.000,- til sysselsetjing av skuleungdom på same vilkår som i 2020.  
2. Kostnaden vert å dekkje med tilsvarende auke i inntekt frå eigedomsskatt
10. Kommunestyret oppmodar eigarkommunane sitt representantskap å føreslå at Setesdal interkommunale politiske råd har pause i betaling av eigenandel grunna store fond.
11. Kommunestyret oppmodar alle eigarkommunane om at alle IKS får nullvekst i 2022, dvs. at ein må kutte tilsvarende deflator.
12. Kommunestyret legg til grunn at begge oppvekstsentrals består. Kommunedirektøren vert beden om å gjennomføre ein prosess for å sjå på dagens skulestruktur i kommunen. Prosessen må gjennomførast slik at alle som vert berørt av ein evt endring av struktur, vert involvert, dvs foreldre/føresette, elevar, lærarar og tillitsvalde ved både oppvekstsentrals. Resultatet av prosessen vert å leggje fram for kommunestyret for vidare handsaming innan 15.04.2021.
13. Kommunedirektøren vert beden om å gjennomføre ein full gjennomgang av eigen organisasjon, dvs ressursbruk, stillingsheimlar, kompetanse, prosessar og styringsmodellar, eksterne samarbeid m.v. Målsetjinga må vere å sjå på mogleg effektivisering av drifta, samt etablere ein organisasjon for utvikling av kommunen. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren får i oppdrag å legge fram forslag til innsparing tilsvarende minst 2 MNOK på driftsbudsjettet. Kommunedirektøren får fullmakt til å engasjere naudsint ekstern hjelp i dette arbeidet. Resultat av gjennomgangen inkl framlegg til endringar, må leggjast fram for politisk handsaming innan 01.juni 2021.
14. Kommunedirektøren førebur ei sak om konsekvensar for kommunen og innbyggjarar i høve innføring av eigedomsskatt på faste eigedomar frå 2022, for handsaming i formannskap og kommunestyret innan 01.07.2021. Dette som eit ledd i å trygge begge oppvekstsentrals i kommunen og få eit budsjett i balanse.
15. Kommunestyret vil vurdere søknaden frå Bygland hornmusikk i samband med rekneskapsresultatet for driftsrekneskapet for 2020.
16. Politikargodtgjersle: Satsane for politikargodtgjersla for 2020 blir vidareført i 2021. Dette til tross for at godtgjersla i Bygland ligg lågt i høve andre kommunar
17. Bruk av ordinært disposisjonsfond er budsjettert med kr 5.017.000

#### **Generelt**

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einskilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innanfor netto driftsramme. Utover dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i Setesdal Regionråd før endeleg løying vert fastsett. Budsjettert overføring til Setesdal Regionråd er under føresetnad at alle deltakarkommunane er samde om deltarstøtta.

## **1.2 Framlegg til innstilling – økonomi- og handlingsplan 2021-2024**

1. Økonomi- og handlingsplan for perioden 2021-2024 vert å vedta i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2021-2024 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Enkeltsaker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkeltsaker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/budsjett.

## 2. UTVIKLING, UTFORDRINGAR OG STATUS

### 2.1 Formelle forhold vedk. årsbudsjett og økonomiplan

#### Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan

Kommuneloven § 14-3 seier at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta budsjett for komande kalenderår, samt økonomiplan for dei kommande fire åra. Årsbudsjettet er ein **bindande** plan for kommunen sine inntekter og utgifter i budsjettåret og bruken av desse. Innstillinga til økonomiplan og årsbudsjett skal offentleggjera minst 14 dagar før kommunestyret handsamar den.

Kommuneloven § 14-4 set følgjande krav til kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan:

#### § 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

«Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om bevillingsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.»

Det budsjettet som vert lagt fram er eit samla administrativt forslag. Ein har forsøkt å legge opp til mest mogleg open budsjettprosess med resultateiningane. Alle resultateiningane har kome med viktige innspel til arbeidet, og rådmann/økonomileiar har hatt møte med alle desse.

Reint praktisk har ein delt denne saka i følgjande to dokument:

Dokument – Kommunedirektøren si innstilling med kommentarar til både årsbudsjett og økonomi- og handlingsplan.

Vedlegg – Hovudoversikter for årsbudsjettet samt hovudoversikter for økonomiplanen.

### 2.2 Generelle hovudlinjer – samandrag

#### Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren

I budsjettframlegget frå Solberg-regjeringa er det lagt opp til ein reell vekst i frie inntekter til kommunane på kr 1,6 mrd. Demografikostnadene utgjer om lag kr 0,9 mrd. På landsbasis er det ei satsing innanfor veksten av frie inntekter på 0,2 mrd. Dette er ikkje øyremerka midlar, men satsingsområder i statsbudsjettet. Dette gir kommunane eit auka handlingsrom på 0,7 mrd. Den forventa pris- og lønnsveksten (deflator) ligg på 2,7 % for kommunesektoren.

Frå 2020 til 2021 har Bygland kommune nominell vekst i frie inntekter på 1,6 % i forhold til nivået i opphavleg nasjonalbudsjett 2020. Dette vil seie ein negativ realvekst på om lag 1,1 %. I 2020-budsjettet var det ein negativ vekst på 1,3 %, medan i 2019 var denne på -0,3 %. Dette er ein stor nedgang frå 2016 då kommunen hadde ein positiv realvekst på 1,5 % frå 2015-nivå.

#### **Bygland kommune – hovudliner**

Bygland kommune har hatt fleire store investeringar fram til og med 2016. Kommunen har ikkje investert i like stort omfang i 2017 og 2018, men i 2019 og 2020 var det igjen nødvendig å gjennomføre større investeringar. Ved utgangen av 2019 var nivået på kommunen si langsiktige gjeld litt lågare enn for gjennomsnittet for samanliknbare kommunar. Ein venter at kommunen vil ligge over gjennomsnittet ved utgangen av 2020. I løpet av økonomiplanperioden legg ein opp til at kommunen si langsiktige gjeld vert redusert.

I 2021 er investeringane innanfor fleire ulike sektorar, mellom anna vatn, avlaup, skule, idrett, friluftsliv, kultur, pleie og omsorg, næring og klima/miljø. Nokre av prosjekta vil innebere ei reduksjon i driftsutgifter, då f.eks. ENØK-tiltaka som er føresleger gjennomført på Byglandsheimen.

Dei ordinære driftsrammene til resultateiningane er i økonomiplanen justert for den sentrale lønsauka, føringar i statsbudsjettet og særlege forhold som er kommentert i budsjettet.

Eigedomsskatteanslaget for 2021 er på kr 10.350.000, som er ei auke på kr 1,25 mill. samanlikna med 2020. Auka er knytte til ordinær omtaksering av nettanlegg, kor taksten gjekk betydeleg opp. Merk at det samla anslaget for eigedomsskatteinntektene er særdeles usikkert fordi eigedomsskattegrunnlaga for vasskraft ikkje er klare før etter budsjettet er lagt fram til handsaming. Ein må difor kome tilbake til kva faktisk prognose for 2021 skal vere.

Lågare straumpriser gjer at inntekta frå sal av konsesjonskraft vert redusert frå kr 6.268.000 i 2020 til kr 5.460.000 i 2021. Ein legg til grunn ei årleg prognose på kr 5.120.000 for åra 2022-2024. Prognosene for 2022-2024 er veldig usikker.

Netto budsjettframlegg for drifta i 2020 balanserer med inntekter og utgifter på kr 168.695.000. I tillegg utgjer investeringsbudsjettet i anleggsmidlar kr 8.185.000.

Budsjett 2021 er lagt fram som eit 0-budsjett. Det vil sei at utgiftene balanserer med inntektene. Det er budjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond på kr 5.017.000, så budsjettet er ikkje i tråd med det finansielle måltala som vart vedteke av kommunestyret den 11.12.2019, som mellom anna sei at «dei årlege driftsbudsjetta skal leggjast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjonsfond».

#### **Investeringar og avsetningar**

Det er i 2021 lagt inn investeringar i anleggsmidlar på kr 7,7 mill. Det er for det meste snakk om fleire mindre prosjekt i storleiken kr 125.000 til 1,7 mill. Enkelte av prosjekta er starta i 2020 og blir sluttførte i 2021. Nokre prosjekt vert fordelt utover fleire år, av omsyn til kapasitet og økonomi, medan andre prosjekt vert utsett samanlikna med tidlegare års økonomiplanar, då det ikkje er økonomisk forsvarleg å gjennomføre alle planlagde prosjekt i starten av økonomiplanperioden.

### **2.3 Regionplan Agder 2030**

Regionplan Agder 2030 er det viktigaste overordna styringsdokumentet for utviklinga av Agder. Regionplanen sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Dette inneber å

- bruke heile Agder, og sørge for at utviklinga kjem alle delar av Agder til gode
- samarbeide om å nå FN sine berekraftsmål på regionalt og lokalt nivå
- jobbe kunnskapsbasert og målretta for å forbetre levekåra gjennom ein langsiktig og heilskapleg levekårssatsing
- redusere klimagassutslepp på Agder med minst 45% innan 2030

- utnytte moglegheitene som digitalisering gir.

## 2.4 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke i mai 2020. Samfunnsdelen inneheld langsigktige og overordna mål for kommunenesamfunnet i det heile og kommunen som organisasjon. Planen er eit politisk og administrativt styringsverktøy. Satsingsområda peiker på dei områda som skal ha ekstra merksemd og ressursar i planperioden, og planen er førande for alle tenesteområda i kommunen.

Samfunnsdelen inneheld fem hovudsatsingsområde:

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

Gjennomgående perspektiv som blir tematisert under alle hovudsatsingsområda:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

## 2.5 Folkehelsearbeid i Bygland kommune


Folkehelse skal vere eit berande prinsipp i all kommunal planlegging og all verksemd. Kommunen har laga ei folkehelseoversikt for 2020 som syner helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne. Folkehelseoversikta viser ei rekke område der Bygland kjem godt ut på folkehelsestatistikken og andre område der kommunen skil seg negativt ut.

Med utgangspunkt i folkehelseoversikta er det nokre område kor kommunen synest å ha ekstra utfordringar og som kommunen har verkemiddel til å kunne løyse:

- Barn og unge sine oppvekstvilkår som trivsel, meistring og relasjoner
- Aukande del som mottek alderspensjon, uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar
- Ei aldrande befolkning
- Aukande del med grunnskule som høgaste utdanning.

## 2.6 Verdiar i Bygland kommune

Bygland kommune som organisasjon har følgjande verdiar:



## 2.7 Folketalsutvikling

### Historikk

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

Dato	01.01.01	01.07.14	01.07.15	01.07.16	01.07.17	01.07.18	01.07.19	01.07.20
Folketal	1 341	1 173	1 224	1 211	1 205	1 204	1 190	1 145

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser samansettning i folketalet:

	01.01.01	01.07.14	01.07.15	01.07.16	01.07.17	01.07.18	01.07.19	01.07.20
0-5 år	90	52	58	58	65	65	65	55
6-15 år	181	135	144	135	122	131	125	122
16-66 år	844	776	796	795	789	773	750	705
67-79 år	134	144	160	157	166	175	188	201
80-89 år	81	52	45	51	51	49	50	48
Over 90 år	11	14	21	15	12	11	12	14
<b>SUM</b>	<b>1 341</b>	<b>1 173</b>	<b>1 224</b>	<b>1 211</b>	<b>1 205</b>	<b>1 204</b>	<b>1 190</b>	<b>1 145</b>


Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07. året før. I dette budsjettet har ein lagt til grunn ein prognosemodell frå Telemarksforskning basert på oppdatert folketal per 01.07.19. Dette talet kan avvike frå SSB sine tal.

Ein ser at auken i folketalet som var i 2015 på ny er redusert. Veksten i 2015 var i hovudsak knytt til start av asylmottaket på Bygland. Etter mottaket vart lagt ned, reknar ein med at store delar av nedgangen kan knytast til dette. Ser ein folketalet over tid er kommunen på ny inne i ei negativ utvikling i folketalet. For å illustrere dette har ein tatt inn ei oversikt som viser alderssamansettinga i kommunen 01.01.01 samanlikna med samansettinga i dag. Samla folketal har på 17 år gått ned med 196 innbyggjarar. Dette er ein reduksjon på 17,1 %. Det mest alvorlege i denne oversikta er reduksjonen i aldersgruppa 0-5 år som er redusert med 35, frå 90 til 55 innbyggjarar, og aldersgruppa 6-15 år som er redusert med 59 personar. Dette utgjer ein reduksjon på 48,3 % for denne gruppa over 19,5 år.

Summen av desse endringane i demografien, fører over tid til ein kraftig reduksjon i inntekter (skatt/ rammetilskot). I tillegg til dette er kommunen forplikta til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til mellom 60-70 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen.

### Utvikling framover

Folketalsutviklinga i Bygland er svært usikker over tid og historiske tal syner ei uheldig utvikling. Som ein ser, er folketalet avhengig av mange faktorar som asylmottak, integrering, inn-/ utflytting, talet på fødde/ døde og tilgang/avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustad- og næringstomter i kommunen, og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen sett under eit.



1162 er innbyggjartalet per 01.01.20. Som grafen over viser, er det stort sprik mellom dei ulike modellane for befolningsframskriving. Alternativt høg vekst estimerer at befolkninga i Bygland i 2050 vil auke med 18,3 prosent i forhold til 2020, medan låg vekst estimerer 3,8 prosent nedgang. Middelalternativet gjev ein befolkningstilvekst på 6,9 prosent. SSB sine vekstprognosar syner at Bygland ligg lågare i forventa vekst enn både Agder og landet under eitt for alle alternativa.

## 2.8 Status økonomi: KOSTRA-tal frå 2019

### Innleiing

KOSTRA rekneskapstal for 2019 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar. Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske hand-saminga.

I desse oppstillingane det er nytta tal frå Bygland kommune, Åmli kommune og Iveland kommune. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 5 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 5 svarar til små kommunar med høge bundne kostnadar per innbyggjar og middels frie disponibele inntekter. Frå 2018 og tidlegare var Bygland ein del av kommune gruppe 6, som er for kommunar med høge kostnadar per innbyggjar og høge frie disponibele inntekter.

I Agder inngår Åmli, Vegårshei og Bygland kommunar i Kommunegruppe 5. Iveland er i KOSTRA-gruppe 4, men er likevel ein kommune som på fleire område kan samanliknast med Bygland.

### Finansielle nøkkeltall

KOSTRA rekneskapstal	Bygland 2019	Åmli 2019	Iveland 2019	KG05 2019
KG05 = kommunegruppe 5				
<b>Finansielle nøkkeltall</b>				
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-5,4	2,6	1,3	0,7
Årets mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter	-0,7	2,9	4,2	1
Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	31,4	23,5	33,7	26,1
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	15,4	49,8	-10,5	37
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter	83,6	88,8	48,8	93,9
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	81 204	77 991	71 551	75 677
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	13,6	11,4	6,7	18,8
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter	22,6	18,2	26,0	12,6

### **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter**

Indikatoren viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Ein reknar netto driftsresultat ut frå brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto avdrag samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak, og er i tillegg korrigert for avskrivingar slik at disse ikkje gis resultateffekt. Netto driftsresultat kan anten bli brukt til finansiering av investeringar eller sette dei av til seinare bruk. Dette vert rekna som det viktigaste resultatmålet for kommunane og bør over tid vere minimum 1,75 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014). Kommunen sitt netto driftsresultat for 2019 ligg langt under det tilrådde nivået, og dette resultatet i seg sjølv er eit sterkt signal om at kommunen sitt driftsbudsjett ikkje er bærekraftig slik det er no. I netto driftsresultat er riktig nok planlagt bruk av disposisjonsfond til spesielle formål også inkludert (f.eks. flyktningefondet eller bygdebokfondet), noko som er med på å svekke dette talet ytterlegare. Ein ser likevel at bruken av ordinært disposisjonsfond (som ikkje er avsett til spesielle formål) var på om lag 3,5 millionar i 2019, noko som heller ikkje er i tråd med kommunen sitt finansielle mål om at det ikkje skal brukast av ordinært disposisjonsfond. Rekneskapstala for 2019 er veldig alvorlege og er med på å legge grunnlaget for at det må gjerast endringar kommunen si drift i nærmaste framtid.

### **Årets mindre/meirforbruk i driftsrekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter**

Kommunens mindreforbruk er netto driftsresultat med fråtrekk av interne finanstransaksjonar, som inkluderer bruk av fond, avsetningar til fond og bruk av tidligare års mindreforbruk. I 2019 hadde kommunen ei budsjettoverskriding, mellom anna som følgje av at utgiftene til eksterne samarbeid vart høgare enn budsjettet, noko som igjen bidrog til at kommunen fekk eit meirforbruk.

### **Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter**

Nøkkeltalet viser arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter. Arbeidskapital ekskl. premieavvik definerast som differansen mellom omløpsmidlar ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik, og er et uttrykk for kommunens likviditet. Med likviditet meinast evna til å betale forpliktingane etter kvart som dei forfell. Av talla ovanfor ser ein at kommunen har ein betre likviditet enn kva som er gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 5, noko ein og har gitt uttrykk for i kommunen sine tertialvise finansrapporteringar.

### **Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter**

Denne variabelen viser kor sårbar kommunen er for endringar i rentenivået. Renteeksponering på 15,4 vil seie at ei renteoppgang på 1 prosent vil «ete» 0,154 prosent av driftsinntektene. Tala viser at kommunen er betydeleg mindre sårbar for rentesvingingar enn samanliknbare kommunar.

### **Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter**

Indikatoren syner langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av driftsinntektene. Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i forhold til desse. Lån som skal gå til vidare formidling til andre instansar/innbyggjarar, såkalla formidlingsutlån, inngår og i indikatoren. Indikatoren omfattar dermed utlån der mottatte avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapet, i tillegg til innlån som vert ført som avdrag i driftsrekneskapet. Langsiktige lån har normalt lengre løpetid enn eitt år. Kommunen sitt samla lån auka kraftig etter bygging av idrettshallen på Bygland, og årlege låneopptak til investering vart vesentleg redusert frå 2016 og utover, samanlikna med låneopptak i 2015. Ein ser dette også igjen i tabellen øvst på neste side, kor det er ein reduksjon i langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter frå 2015 til 2018.

### **Frie inntekter per innbyggjar**

Nøkkeltalet viser kommunens frie inntekter i kroner per innbyggjar. Skatt på inntekt og formue, inkludert naturressursskatt, og rammetilskot definerast som frie inntekter. Her ligg kommunen på eit høgare nivå enn KOSTRA-gruppe 5.

### **Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter**

Nøkkeltalet viser kommunens brutto investeringar i prosent av brutto driftsinntekter, og seier følgjeleg noko om investeringsnivået i kommunen. Nivået på investeringane varierer mykje frå år til år ut frå lokale behov og

nasjonale prioriteringar, og dataa er vanskeleg samanliknbare. Likevel kan ein slå fast at kommunen hadde vesentleg høgare investeringsutgifter i 2019 enn i 2018 og 2017, då dette talet var høvesvis 5,7 og 6,8.


#### **Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter**

Dette talet viser fri eigenkapital til driftsformål i prosent av driftsinntektene. Kommunen sitt tal er betydeleg høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 5, men litt lågare enn Iveland, og, som tabellen i neste avsnitt vil vise, har dette talet hatt ei negativ utvikling i nyare tid som ein vert nøydt til å stanse.

#### **Utvikling i finansielle nøkkeltal over tid**

KOSTRA rekneskapstal Bygland	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
<b>Finansielle nøkkeltal</b>										
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2	6	2	5	-2	4	10	3	0	-5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	54 970	62 403	66 063	68 249	69 828	69 594	73 336	74 834	77 667	81 204
Langs. gjeld ekskl. pensjonsforpliktningar i % av brutto driftsinnt.	78	68	63	63	77	85	81	81	80	84
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter	28	29	23	30	36	40	41	44	37	31
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6	10	11	13	12	17	23	28	26	23

Tabellen syner utviklinga i finansielle nøkkeltal over dei 10 siste åra (raude tal = ikkje i tråd med dei finansielle måltala). Arbeidskapitalen (variabel for likviditet) gjekk noko ned i 2018 grunna at kommunen hadde store ubrukte lånemidlar frå tidlegare år som vart tatt i bruk, og at det var ein relativt ekspansiv bruk av næringsfondet og andre fond. Frå 2018 til 2019 gjekk dette talet ned grunna at 2019 var eit dårlig økonomisk år. I 2019 vedtok kommunestyret at langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ha eit måltal på maksimum 75 %, medan dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter skal vere minimum 15 %. Grafane under viser at måtalet for dispositionsfond har vore oppfylt sidan 2015, medan gjeld har lege over anbefalt maksimalnivå sidan 2014.



## Prioritering

KOSTRA rekneskapstal	Bygland 2018	Bygland 2019	Åmli 2019	Iveland 2019	KG05 2019
KG05 = kommunegruppe 5					
<b>Prioritering</b>					
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	136 950	195 660	169 079	207 748	178 847
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor , per innbyggjar 6-15 år	191 125	206 000	133 691	143 623	159 852
Brutto driftsutg. pr. innbyggjar, kommunale helse- og omsorgstenester	44 640	49 087	41 857	29 882	43 363
Brutto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar	5 035	4 823	3 857	5 545	4 002
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-22 år, barnevernstenesta	8 726	16 240	9 718	3 091	8 393
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	7 272	8 010	11 027	8 835	8 887

Tabellen viser Bygland kommune sine netto driftsutgifter per innbyggjar for utvalte tenesteområder. Her spelar reduksjonen i innbyggjartalet inn. For Bygland sin del er det færre å fordele kostnadane på og derfor vert ein og sårbar for endringar i folketalet i kommunen. Få personar kan gjere store utslag på kostnadane. Dei geografiske avstandane kan i enkelte samanhengar virke kostnadsdrivande for kommunen.

Med unntak av Iveland, så ligg Bygland vesentleg høgare enn samanlikbare kommunar når det gjeld driftsutgifter til barnehage, og har i tillegg auka driftsutgiftene i forhold til 2018. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er også høgare enn gjennomsnittsnivået i kommunegruppe 5, og også høgare enn nivået for Åmli og Iveland kommunar, i tillegg til at nivået har auka samanlikna med 2019. Dette kan ein relatere til talet på born i grunnskulen som ein kan fordele kostnadane på. Ein liten endring i elevmassen kan fort gjere store utslag på desse statistikkane. Slår ein saman tala for barnehage og grunnskule ser ein at kommunen sine utgifter har auka med om lag kr 74.000 per innbyggjar frå 2018 til 2019, og ligg om lag kr 63.000 per innbyggjar over gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 5.

Nytt frå og med 2017 er at SSB har slått saman KOSTRA-tala for pleie og omsorg og helse. Bygland sine brutto driftsutgifter ligg over nivået i kommunegruppe 5, medan Åmli og Iveland ligg under. Spesielt Iveland har særdeles låge utgifter på dette området. Ein må likevel gjere merksam på at samanlikning av utgiftene mellom enkeltkommunar kan gi eit feil biletet sidan kommunane f.eks. kan ha vesentlege demografiske ulikheitar som gir utslag på utgiftsnivået. Auken per innbyggjar frå 2018 til 2019 kan i nokon grad forklaraast i at innbyggjartalet har gått ned.

Nivået på brutto driftsutgifter til sosialtenesta ligg høgare i Bygland kommune enn i Kommunegruppe 5 og dei andre kommunane, med unntak av Iveland. Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg vesentleg høgare enn Kommunegruppe 5, og også mykje høgare enn Åmli og spesielt Iveland. Tala har også hatt ei dramatisk auke frå 2018 til 2019. Dette er knyta opp mot saker innanfor barnevernet, og her kan enkeltsakar gjere store utslag på statistikken. Ein venter at barnevernsutgiftene vil liggje på om lag same nivå i 2020 og 2021 også.

Brutto driftsutgifter per innbyggjar til administrasjon har auka litt samanlikna med 2018 pga. reduksjon i innbyggjartalet, men kommunen ligg framleis under dei samanlikbare kommunane, samt gjennomsnittet for kommunegruppe 5.

## Dekningsgrad

KOSTRA-tal	Bygland 2018	Bygland 2019	Åmli 2019	Iveland 2019	KG05 2019
KG05 = kommunegruppe 5					
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (%)	85,0	88,0	89,5	86,4	89,5
Andel barn som får ekstra ressursar (%)	0	0	8,6	4,5	3,7
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning (%)	8,1	8,1	10,9	15,8	9,2
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	21,8	22,4	16,3	9,0	16,9

Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunhelsetenesta	6,7	6,9	10,9	12,8	12,3
Andel plasser i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar (%)	100	100	73,3	100	93,5
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon (%)	16,4	14,9	5,1	..	13,6
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (%)	3,4	5,5	8,9	1,7	4,6
Kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjarar	30	31	29	18	35
Årsverk i brann- og ulukkesvern pr. 1000 innbyggjarar	0,61	0,61	0,72	0,61	..

Bygland kommune har god dekningsgrad i forhold til barn med barnehageplass og låg andel barn som treng ekstra ressursar. Andelen barn som treng spesialundervisning er lågare enn gjennomsnittet for samanliknbare kommunar, men etter ein nedgang frå 2014 til 2016, ser ein no at dette talet har auka dei siste åra og nærmar seg nivået i 2014 (9,0).

Bygland har ei særskilt god legedekning med over 2,2 årsverk per 1.000 innbyggjarar, noko som er 5,5 årsverk meir enn kommunegruppa. Derimot ligg kommunen lågt på årsverk til fysioterapi i kommunen.

Innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon er gått noko ned for kommunen. Med lågt tal på innbyggjarar, kan få personar gjere store utslag på statistikken. Per 2019 ligg ein litt over gjennomsnittet for kommunegruppa. Bygland tilbyr alle bebuarane i pleie- og omsorgsinstitusjonar enkeltrom.

Tabellen syner at talet på årsverk i brann- og ulykkesvern per 1000 innbyggjarar er lik for Bygland og Iveland. Dette er ei lik fordeling av det interkommunale samarbeidet på brann, som også inkluderer kommunane Evje og Hornnes, Valle og Bykle.

Ut over dette syner ein til tabellen.

## Produktivitet/einingskostnadar

KOSTRA-tal	Bygland 2018	Bygland 2019	Åmli 2019	Iveland 2019	KG05 2019
KG05 = kommunegruppe 5					
<b>Produktivitet/einingskostnadar</b>					
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret+1)	3 684	3 684	6 069	3 988	4 583
Årsgebyr for avlaupstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	8 462	8 462	6 670	6 393	4 218
Årsgebyr for avfallstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	3 159	3 159	2 370	3 045	3 267
Gj.sn. saksbeh.tid for byggjesakar med 3 vekers frist (dg)	12	11	22	10	19
Gj.sn. saksbeh.tid for byggjesakar med 12 vekers (84 dg) frist (dg)	38	40	..	..	34
Andel av innvilga byggjesøknadar som skjer ved disp. frå plan (%)	68	30	10	3	12
Vedtekne reguleringsplanar	1	1	1	1	0,84
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	109 857	89 500	110 487	128 906	88 141

Tabellen viser produktivitet/ einingskostnader på ulike område. Ein ser av oversikten at kommunen driv relativt effektivt samanlikna med kommunegruppa.

## 2.9 Utvikling økonomi: Prognosar for 2021-2024


### Langsiktig gjeld

#### Status

Kommunen hadde per 01.01.2020 kr 130.066.979 i langsiktig gjeld, kor startlån utgjorde kr 10.384.675 av dette. Dette inneberer at langsiktig gjeld utgjer 84 % av brutto driftsinntekter. Måltalet er 75 %. Til samanlikning så hadde kommunen kr 81.774.889 i gjeld per 31.12.12, som svarte til 63 % av datidas nivå på brutto driftsinntekter.

#### Utvikling og prognose

Grafen under viser at kommunen vil redusere gjelda gradvis med dei investeringane som er foreslått i økonomiplanen for 2021-2024. Ein ser likevel at det er langt ned til måltalet på 75 %. Ein kunne med fordel sett at investeringane i desse åra var endå mindre, men det er til gjengjeld lagt inn få nye prosjekt samanlikna med økonomiplanen for 2020-2023. Det må uansett påpeikast at tala er usikre.



## **Dispositionsfond**


### **Status**

Kommunen hadde per 01.01.2020 kr 7.697.768 på ordinært disposisjonsfond. Av meirforbruket for 2019 vart kr 1.183.448 dekt av disposisjonsfond, så per no er det ordinære disposisjonsfondet i realiteten på kr 6.514.320. I byrjinga av 2017 vart det bestemt å sette av kr 5.000.000 av mindreforbruket i 2016 til eit premiefond som skal handtere den aukande amortiseringa av premieavvik. Resten av mindreforbruket for 2016 vart sett inn på disposisjonsfondet. 31.12.19 er det venta at ordinært disposisjonsfond vil utgjere om lag kr 4 millionar, om ein legg budsjettet bruk til grunn. Nokre innsparingstiltak vart sett i verk med effekt frå hausten 2020, men ein ser at inntektsbortfall på skatt, samt andre ekstrautgifter knytte til Covid-19-pandemien, gjer til at ein ikkje kan slå fast med sikkerheit at bruken av disposisjonsfond i 2020 vert mindre enn budsjettet.

Av disponible fond har kommunen i tillegg eit bygdebokfond på 2,55 mill., DFV-fondet på 1 mill., rentefond på 1 mill., flyktningefond på 12,6 mill. og eit fond på 0,95 mill. som gjeld norskopplæring for flyktningar på Bygland oppvekstsenter.

### **Utvikling og prognose**

Driftsnivået i 2020, og i endå større grad driftsnivået i 2021 og ut økonomiplanperioden, er ikkje berekraftig. Ein vert difor nøyd til å kutte i kostnadene eller auke inntektene – elles vil «kommunekassa» vere tom innan 2024, noko som også grafen under viser. Under bruk av disposisjonsfond inngår både bruk av ordinært disposisjonsfond, flyktningefondet, einingsfond på Bygland oppvekstsenter og bygdebokfondet.



Grafen viser tydeleg kva for veg kommunen sin økonomi tek viss ikkje det vert gjort grep, og dei grepa må skje fort! Bruk av ulike disposisjonsfond ligg på om lag 7-8 mill. kvart år frå og med 2021 til og med 2024, og med den bruken lagt til grunn, vil og disposisjonsfondet vere tomt før 2024 er omme.

### 3. DRIFTSBUDSJETTET

#### 3.1 Overordna rammevilkår

Regjeringa presenterte sitt forslag til statsbudsjett 7. oktober. I kommuneopplegget for 2020 vert det laft til grunn realvekst i frie inntekter for kommunane på 1,6 mrd. kr (dvs. 0,5 %), mens det i kommuneproposisjonen i mai vart signalisert ein vekst i intervallet 1,6-2,0 mrd. kr. Ved utrekning av realveksten i kommunesektoren sine inntekter for 2021 er det lagt til grunn ein kostnadsvekst (deflator) på 2,7 % (samansett av 2,2 % som årslønsvekst og 3,5 % som prisvekst). I realveksten ligg det også inne 100 mill. kr som er grunngjeve i satsing på psykisk helse til barn og unge. Kommunen sin del er 42.000 kr. Rammetilskotet aukast med 100 mill. kr som ein eingangsbevilgning grunngjeve med behovet for å gje eit godt habiliterings- og avlastningstilbod til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Kommunen sin del er her 42.000 kr.

I tillegg til realveksten får kommunesektoren eit særskilt tillegg i frie inntekter på 1,926 mrd. kr (1,181 mrd. gjeld kommunane), som kompensasjon for reell skattesvikt som følgje av koronakrisa i 2020. Dette tillegget har permanent effekt på inntektsnivået framover.

Regjeringa foreslår at det kommunale skattøyre for personlege skattytarar for 2021 vert sett 12,15 prosent, som er ein auke på 1,05 prosentpoeng. Denne kraftige auken har samanheng med eit makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene (inkl. eigedomsskatt). Ordinær skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) er anslått å auke med 6,6 % for kommunane samla, samanlikna med det oppjusterte nivåanslaget for i år. Rammetilskotet for kommunane er estimert å bli redusert med 1,0 %. Sum frie inntekter er etter dette forventa å auke med 3,0 % nominelt.

#### 3.2 Kommunen sine driftsinntekter

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
<strong>Driftsinntekter</strong>			
Rammetilskot	-63 581	-64 065	-63 085
Inntekts- og formuesskatt	-27 464	-28 370	-26 841
Eigedomsskatt	-10 550	-9 100	-7 836
Andre skatteinntekter	-7 200	-6 600	-7 646
Andre overføringer og tilskot frå staten	-1 066	-2 121	-4 672
Overføringer og tilskot frå andre	-15 947	-16 098	-22 449
Brukarketalingar	-4 780	-4 995	-5 343
Sals- og leieinntekter	-13 425	-13 667	-13 215
<strong>Sum driftsinntekter</strong>	<strong>-144 013</strong>	<strong>-145 016</strong>	<strong>-151 088</strong>
<strong>Finansinntekter</strong>			
Renteinntekter	-800	-1 370	-1 443
Utbryter	-3 795	-6 797	-6 826
<strong>Sum finansinntekter</strong>	<strong>-4 595</strong>	<strong>-8 167</strong>	<strong>-8 269</strong>
<strong>Sum inntekter</strong>	<strong>-148 608</strong>	<strong>-153 183</strong>	<strong>-159 357</strong>

#### Generelt

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2021 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) sett til 95,045 mill. kr, som er 547.000 mill. kr lågare enn i utrekningane frå KMD. Kommunedirektøren legg per no til grunn 96,222 mill. kr som frie inntekter i 2020. Korrigerer ein med -2,288 mill. kr, som er summen av oppgåveendringar i kommuneopplegget (sjå eigen oversikt over oppgåveendringar under avsnittet «Statlege rammeoverføringer»), får ein 93,934 mill. kr i oppgåvekorrigerte frie inntekter 2020. I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg er derfor lagt til grunn nominell vekst i frie inntekter på 1,111 mill. kr eller 1,2 %.

Nedgangen i samla driftsinntekter frå opphavleg budsjett 2020 til 2021 er reelt på 0,8 %. Hovudårsaka til nedgangen er at integreringstilskot og skatteinntektene vert redusert med om lag 0,9 mill. kvar samanlikna med budsjetterte tal for 2020. Reduksjonen i skatteinntekter kjem som følgje av ei betydeleg nedgang i innbyggjartalet. Med ein forventa løns- og prisvekst (deflator) på 2,70 % gir dette ein netto negativ realvekst på 3,50 %. Det må riktig nok påpeikast at det her vert samanlikna med opphavleg budsjett for 2020. I skrivande stund er ein kjent med at skatteinntektene i 2020 vil bli lågare enn budsjettet grunna Covid-19-pandemien. Det er under finansinntektene ein finn det mest dramatiske inntektsbortfallet. Utbytte frå Agder Energi vert redusert med 3,002 mill. frå 2020 til 2021. Dette bidreg til at samla inntekter vert redusert med 3,2 %.

I budsjettet for 2021 er det nytta netto driftsrammer for kvar eining, med unntak av bruk av, eller avsetning til, einingsspesifikke fond, som vert heldt utanfor rammene. Endelige inntekter frå drifta vil framkomme når detaljbudsjettet for kvart år i økonomiplanen er ferdigstilt. I budsjettet no, er dei einskilde einingane sine inntekter frå 2021 videreført ut perioden, med unntak av VARF-området kor inntekta vil variere avhengig av om det er ordinær slamtømming eller ikkje.

Sal av konsesjonskraft ligg under andre overføringer i tabellen ovanfor. Driftsinntektene frå 2021 til 2024 er korrigert for 2020-prognosane for sal av konsesjonskraft i økonomiplanperioden.

Skatt på inntekt og formue vil variere i takt med det kommunale skatteøyre og talet på innbyggjarar. Talet på innbyggjarar har også verknad på det ordinære rammetilskotet, saman med dei sentrale politiske retningslinene.

Andre statlege overføringer vert redusert primært på grunn av at integreringstilskotet vert redusert med om lag 0,9 millionar.

Renteinntekter og utbytte vil variere i takt med rentemarknaden i landet, samt overskot til utdeling frå Agder Energi. Det er rekneskapsresultatet to år før budsjettåret som er grunnlaget for utbyttet frå Agder Energi.

### Avgifter og betalingssatsar

I budsjettet for 2021 er det framlegg om å auke dei kommunale avgiftene med 3,75 % i gjennomsnitt. Vassavgiftene vert auka med 2,7 % i 2021. Det same gjeld tilkoplingsavgift for vatn. Kloakkavgiftene og tilkoplingsavgift for kloakk vert auka med 12,0 %.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Det er ikkje ordinær slamtømming i 2021. Avgifta vert auka med 2,7 %, som svarar til kommunen sin veka løns- og kostnadsvekst (deflator).

Renovasjonsavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Avgiftsnivået vert redusert med 5 % samanlikna med 2020. Grunngjevinga for dette er at kommunen har eit renovasjonsfond (akkumulert overskot) på om lag kr 1.353.000.

Feieavgifta vert ikkje endra. Dette arbeidet vert utført av Setesdal Brannvesen IKS, og avgiftene går til å dekke kostnadene til feiearbeidet og brannsyn. Kommunen har eit fond på dette området på om lag 151.000.

Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til gebyrregulativet for 2021.

### Skatt på formue og inntekt

Kommunen sine budsjetterte inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra (tall i tusen):

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
24 589	26 006	26 937	27 504	27 336	28 700	26 394	27 011	27 011	28 370	27 464

I 2020 la ein til grunn berekningsteknisk dokumentasjon – «grønt hefte» – sitt anslag for kommunen sine skatteinntekter. Dette anslaget tek ikkje godt nok høgde for reduksjon i innbyggjartal, så ein har difor valt å bruke

anslaget frå KS sin prognosemodell for 2021. Naturressursskatten på kr 4 mill. er teken ut frå denne tabellen med verknad frå 2017. For 2021 er det budsjettet med ein skatteinngang på kr. 27.464.000. Ein stor del av skatteinngangen (i underkant av 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk. Skatteanslaget viser ein reduksjon på kr 906.000. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

### Eigedomsskatt

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det først og fremst endringar i regelverket og endringar av skattegrunnlaget ein må ta omsyn til.

Kommunestyret vedtek at ein skal skrive ut eigedomsskatt for året 2021 jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 2. Kommunestyret vedtek og kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2021 jf. esktl. § 10. Frå og med 2019 vart det endringar i eigedomsskattelova. § 3 lyder no slik:

- «Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten
- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
  - b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
  - c) berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
  - d) berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
  - e) eigedom både under bokstav b og c, eller
  - f) eigedom både under bokstav b og d, eller
  - g) faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.»

For eigedomsskatteåret 2021 skal ein skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. esktl. § 3 fyrste ledd bokstav c. Kommunen skriv og ut eigedomsskatt på bygg og eigedom knytte til det som var definert som verk og bruk i den gamle eigedomsskattelova. Når det gjeld produksjonsutstyr og -installasjonar på tidligare verk og bruk, vert det skrive ut eigedomsskatt på 7 promille av 4/7 av taksten for 2021, jf. overgangsregelen til den nye eigedomsskattelova.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd. Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal betalast i to terminar per år, jf. esktl §25. I budsjettet for 2021 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein årleg samla eigedomsskatt på kr 10.550.000 som er ei auke på kr 1.250.000 i forhold til 2020. Ordinær omtaksering av nettanlegga er hovudårsaka til auka.

Maksgrensa for fastsettjing av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2021. Kapitaliseringsrenta er føreslegen til å vere uendra på 4,5 % også i 2021.

Det er ikkje framlegg om å innføre generell eigedomsskatt på hus og hytter i økonomiplanperioden. For økonomiplanperioden legg ein til grunn følgjande eigedomsskattelinntekter:

År	2020	2021	2022	2023	2024
Eigedomsskattelinntekter (i heile tusen)	9 100	10 550	10 350	10 350	10 350

### Statlege rammeoverføringer

Oppgåveendringane over rammetilskotet omfattar desse innlemmingane, korrekjonane og regelendringane: Beløpet i kvar av linene syner kommunen sin del av den einskilde korrekjonen (fordelt etter aktuell delkostnadsnøkkel) – og som kan vere aktuelt å ta høgde for ved fastsetting av rammeendringar for aktuelle tenesteområde.

	På landsbasis	Bygland kommune
<b>Samla korrekjon i rammetilskotet 2020 for endringar i 2021 (tal i tusen)</b>	<b>-7 325 009</b>	<b>-2 288</b>
Endring elevtal statlege/private skular	-184 868	-53
Ny gjennomføringsløysning eksamenar og prøvar	-7 200	-2
Moderasjonsordningar SFO heilårseffekt	110 900	28
Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten heilårseffekt	-920 600	-435
Tilskot til fastlegar heilårseffekt	189 484	80
Regulering av barnehagemiljø heilårseffekt	4 737	1
Tilskot til trus- og livssynssamfunn	-455 501	-132
Pensjon i private barnehagar - redusert tilskot og skjermingsordning	-210 146	-33
Utvila aldersgrense for rett til ettervern i barnevernet	23 369	5
Skjermingsordning nytt tak på eigenandel	48 686	9
Moderasjon SFO 3. og 4. trinn	24 343	6
Stine Sofies barnehagepakke	2 500	0
Habiliterings-, avlastningstilbod til barn og unge med nedsett funksjonsevne	97 371	41
Frivilligentralar	-201 374	-364
Endring i trekk statleg finansiering av omsorgstenesta	-880 110	0
Koronatiltak 2020	-4 966 600	-1 438
Grensejustering	0	0

Kommunen får kr 130.000 i skjønnsmidlar i 2021. Det er Fylkesmannen i Agder som fordeler desse midlane. Det er ein reduksjon på kr 130.000 frå året før. Ein viser elles til vedlegg K og neste avsnitt for meir detaljar rundt rammetilskotet.

### Frie inntekter

Frå og med 2000 vart det innført eit system med løypande inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. I motsett fall ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen vert utjamna kontinuerleg gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2021 utgjer dette tilskotet kr 4.920.000.

I rammetilskotet ligg og et tilskot til særskild fordeling på kr 282.000. Dette er nettoeffekten av saker til særskilt fordeling. Det vil seie at kommunen blir trekt i rammetilskotet for endringar innan finansiering av ulike tenester som anten staten finansierer direkte eller som staten meiner kommunen ikkje lenger har utgifter på. Likeins blir rammetilskotet styrkt med midlar til saker som anten kommunen sjølv skal finansiere eller ekstra tiltak som staten ynskjer å sette på dagsorden, utan at dei gir øyremerkte tilskot til dei ulike tiltaka. Tilskot til særskilt fordeling er å rekne som ein del av kommunen sine frie inntekter.

### Frie inntekter – prognose for perioden 2021-2024:

Det som har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Kommunedirektøren har for dei andre åra i planperioden (2022-24) budsjettert med ein årleg realvekst over kommuneopplegget på 1,6 mrd. kr eller 0,5 % (noe utover demografikostnadene i makro), og lagt til grunn den same relative veksten på skatt og rammeoverføringer.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> I prognosekøyringa (basert på KS-modellen) er det lagt til grunn framskrivne innbyggjartal både for kommunen og landet, konkret per 1.1.2021, 1.1.2022, 1.1.2023 og 1.1.2024. Innbyggjartal fordelt på de aktuelle aldersgruppene har telletidspunkt 1. juli år t, og vi lar desse vere gjennomsnittet av tala per 1.1 år t og 1.1 år t+1. Innbyggjartal totalt og fordelt på aldersgrupper per 1. juli påverkar innbyggartilskotet og utgiftsutjamninga det påfølgjande året, mens innbyggjartal totalt per 1.1. påverkar inntektsutjamninga aktuelt år. Ordinært skjønn frå Fylkesmannen (130.000 kr i 2021) er sett til 100.000 kr i åra 2022, 2023 og 2024.

Oppsummert for åra i økonomiplanperioden opererer kommunedirektøren etter dette med følgjande anslag for frie inntekter utanom egedomsskatt (tal i tusen):

BYGLAND	2020	2021	2022	2023	2024
Rammetilskot (fast del)	61 559	58 661	58 790	58 453	58 121
Skatt (inkl. naturressursskatt)	30 142	31 464	31 463	31 452	31 445
Inntektsutjamning	4 521	4 920	4 920	4 918	4 917
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>96 222</b>	<b>95 045</b>	<b>95 173</b>	<b>94 823</b>	<b>94 483</b>
%-endring		-1,2	-0,1	-0,5	-0,3

Merk at desse anslaga er veldig usikre, spesielt frå 2022 til 2024.

#### **Andre statlege overføringer**

I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerkte tilskota, som er ført under resultateiningane i driftsbudsjettet, mottek kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerkte.

#### **Kompensasjonstilskot – pleie- og omsorgssektoren**

I samband med eldresatsinga, som vart vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten. Det er lagt inn eit anslag for 2021 på kr 130.000,-

#### **Momskompensasjonsordninga**

Det vart frå og med 1995 innført ei momskompensasjonsordning for å dempe konkurransevridinga mellom offentleg og privat produksjon innanfor visse bransjar, m.a. bygg og anlegg. Kompensasjonen vart inntektsført året etter at investeringa var gjennomført.

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Den nye ordninga går ut på at kommunane får refundert all moms som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje- avgiftspliktig verksemد. Refusjonen skal utbetalast og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

Ifølgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølve. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarende beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir.

Frå 2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget er på kr 3.700.000 i driftsbudsjettet, og kr 475.000 i investeringsbudsjettet i 2021.

I driftsbudsjettet er følgjande kompensasjon utrekna (tal i heile 1000 kr):

År	2020	2021	2022	2023	2024
Mva-kompensasjon (i heile tusen)	3 500	3 700	3 700	3 700	3 700

Anslaga er basert på faktiske rekneskapstal per oktober 2020 og er relativt usikre for heile økonomiplanperioden.

#### **Integreringstilskot – flyktninger**

Kommunen får i ein 5-års periode ein fast sum for kvar flyktning som busett seg i kommunen. Kommunen har tidlegare satt av pengar til eit fond som skal dekke kostnadene knytt mot dette området etter at tilskota er redusert. Integreringstilskota utgjer kr 936.000 i 2021.

### Konsesjonskraftinntekter

Den konsesjonskrafta Bygland kommune, som utbyggingskommune, har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konsesjonskraftfondet IKS. For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

År	2020	2021	2022	2023	2024
Konsesjonskraftinntekter	6 268	5 460	5 120	5 120	5 120

Det er grunn til å merke seg at inntektene utover i økonomiplanperioden er svært usikre jo lengre ut i perioden ein ser.

### Inntekter frå Agder Energi AS

Kommunen fekk i 2020 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 6.797.000. Dette er ut frå ein eigardel på 1,111 % (utbytte frå overskot i 2018 som vart utbetalt i 2020).

Det vart i 2018 vedteke at Agder Energi skulle behalde meir av overskotet i selskapet til framtidige investeringar. Som ein følgje av dette vert det vedteke ein ny utbyttemodell til eigarane. Den vedtekne utbyttemodellen fekk verknad frå 2019. I den nye utbyttemodellen er rettleiande utbytteprosent sett til 70 %. Etter den gamle modellen vart utbytte fordelt etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 400 mill. + 60 % av overskytande.

Etter ei vurdering av opplysningane på eigarmøte har kommunen budsjettert med at grunnlaget for berekning av utbytte til utbetaling i 2020 vil vere 488 mill. Dette tilseier ei utbetaling i 2021 på kr 3.795.000 etter den nye modellen. Etter den gamle utbyttemodellen ville kommunen fått utbetalt kr 4.977.000. Ein legg til grunn følgjande inntekter i økonomiplanperioden (tal i tusen):

År	2020	2021	2022	2023	2024
Utbytte frå Agder Energi AS	6 797	3 795	3 795	3 795	3 795

Det er grunn til å merke seg at det er stor uvisse knytte til inntektsanslaget for 2022, som er basert på Agder Energi sitt resultat per 1. halvår 2020 multiplisert med to (for å få eit estimat på heilårsresultatet for 2020). Tala for 2023 og 2024 er berre basert på same tal som i 2022, då ein ikkje har føresetnadar for å spå kva utbyttet vil bli i desse åra.

### Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primærkommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten er skilt ut frå dei ordinære skatteinntektene og ligg som ein eiga inntekt under linje 4 i budsjettetskjemeta «bevillingsoversikt drift». Denne er estimert til kr 4.000.000 for 2021 og ut økonomiplanperioden. Denne inntekta er ein del av skatteutjamninga.

### 3.3 Kommunen sine driftsutgifter

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	78 701	80 824	85 226
Sosiale utgifter	19 090	16 782	20 310
Kjøp av varer og tenester	41 909	41 574	43 760
Overføringer og tilskot til andre	10 310	11 492	11 597
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>150 009</b>	<b>150 672</b>	<b>160 894</b>
<b>Finansutgifter</b>			
Renteutgifter	2 050	3 050	2 508
Avdrag på lån	5 790	5 275	4 743
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>7 840</b>	<b>8 325</b>	<b>7 251</b>
<b>Sum utgifter</b>	<b>157 649</b>	<b>158 997</b>	<b>168 145</b>

#### Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ein gjennomsnittleg prisauke og kostnadsauke («deflator») frå 2020 til 2021 på 2,7 %. Årlønnsveksten i 2020 er sett til 2,2 % basert på anslag frå SSB.

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. For å dekke lønsauke i løpet av 2020 er det lagt inn ein reserve på kr 1.700.000. Dersom denne ramma vert for lita, må det resterande dekkast inn av resultateiningane. Dette er basert på ein lønsauke på 2,2 % der overhenget for kapittel 4 er budsjettert på eininga. Derfor trekker ein ut overhenget på ca. 0,3 %. Avsetninga er basert på ca. 1,7 % av samla lønskostnadene.

#### Pensjonsutgifter

Kommunesekturen har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane for tidlegare inntektsført premieavvik. Det er estimert eit høgt premieavvik også i 2021. Sett mot amortiseringskostnadane, vert det ein nettoinntekt i 2021 på 1,9 mill., ein inntektsreduksjon på 2,85 mill. samanlikna med nettoinntekta i opphavleg budsjett for 2020. Dette er og grunnen til at sosiale utgifter gjeng opp trass i at lønnsutgiftene gjeng ned.

#### Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2020 er på om lag kr 130 millionar, der startlån utgjer ca. kr 10 mill. Renteeksponert gjeld utgjer ca. kr 80.000.000 av det totale gjeldsbilete. Med unntak av 2017 og 2018, har kommunen si lånegjeld auka over dei siste åra. I 2020 er gjelda og venta å auke igjen, medan i 2021 vert den noko redusert.

Med verknad frå 2013 er det framlegg om å redusere avdraga til minimumsavdrag jamfør Kommunelova § 14-18. Den nye kommunelova slår fast at kommunane må bruke forenkla metode for berekning av minimumsavdraget. For mange kommunar fekk dette negative økonomiske konsekvensar, men sidan Bygland kommune allereie brukar forenkla metode, vart ikkje kommunen påverka av desse endringane. Forenkla metode inneberer at kommunen sine avdrag vert berekna etter følgjande formel:

$$\text{Minimumsavdrag} = \text{Sum avskrivingar} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidlar}}$$

Kor avskrivingane reflekterer årleg verdiforringing av driftsmidlane. Auke i avskrivingane vil bety at minimumsavdraget aukar, viss ingen av dei andre faktorane vert endra. Nokre investeringar avskrivast over 50 år, og blir på

den måten ein del av avdragsberekinga i alle desse 50 åra. Minimumsavdraget per 2021 synleggjer difor ikkje berre den ekstra kapitalkostnaden på nyare investeringar, men også på investeringar gjort for mange år sidan. Redusjon i lånegjeld kan bidrage til å redusere minimumsavdraget, men i slike tilfelle vert gjerne sum bokført verdi av varige driftsmidlar og redusert, noko som igjen gjer at reduksjonen i minimumsavdrag vert mindre.

Kommunen sine avdragsutgifter i 2021 er budsjettert til kr 5.790.000. Avdragsutgiftene har auka jamt kvart år sidan 2013, då denne kostnaden var berre om lag 2,7 mill. Det er budsjettert med 1,3 % rente i resten av økonomiplanperioden (i skrivande stund er renta 0,95 %). I opphavleg budsjett for 2020 var det lagt til grunn ei rente på 2,3 %, men marknads-utsiktane vart endra grunna Covid-19-pandemien. Det er budsjettert med kr 2.050.000 i renteutgifter for 2021 inkl. renter på startlån. Dette er basert på prognosar hos Kommunalbanken, pluss eit tillegg grunna generell usikkerheit. I økonomiplanperioden er det lagt opp til følgjande driftsutgifter:

BYGLAND	2020	2021	2022	2023	2024
Renteutgifter – ordinære lån	2 800	1 900	1 900	1 900	1 900
Avdragsutgifter – ordinære lån	5 275	5 790	6 000	6 200	6 400
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>8 075</b>	<b>7 690</b>	<b>7 900</b>	<b>8 100</b>	<b>8 300</b>

Spesielt anslaga for 2022 til 2024 er veldig usikre, men også anslaget for 2021 er langt frå sikkert. Det er lagt opp til ordinært finansieringsbehov via lånemidlar til investering på 4,87 mill. i 2021. Investeringane blir finansierte med eventuelle unytta lånemidlar frå 2020 kombinert med nytt låneopptak. Sal av fast eigedom og anleggsmidlar, spelemidlar og eventuelle andre tilskot kan og inngå som delar av finansieringa. Ein del av prosjekta er vidareføringer frå 2020 og låna er teke opp i 2020 for å finansiere desse. Det vil korrigere årets låneopptak og ein kjem tilbake til spesifikt låneopptak for 2021 til 1. tertialrapport 2020. Det er ikkje budsjettert med opptak av startlån for 2021 og ut økonomiplanen. Utgifter til renter og avdrag på totalt kr 7.840.000 (inkl. startlån) er lagt inn i budsjettet.

### Konsesjonsavgifter og næringsfond

Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 3.200.000. 01.01.2020 var det inneståande kr 2.618.000 på næringsfondet, kor kr 2.530.000 er bundne midlar. Ut over dette har kommunen Byglandsfjordfondet på kr 16.666.000 der ein ikkje kan nytte grunnkapitalen på kr 15.250.000. Avkastninga på Byglandsfjordfondet er estimert til kr 200.000 for 2021, som vil seie at total avkastning frå næringsfonda er på kr 3.400.000 (konsesjonsavgifter og renteavkastning).

Status for næringsfond	Beløp
Estimert saldo pr. 1.1.21 (Byglandsfjordfondet og næringsfondet)	19.200.000
Grunnkapital (Byglandsfjordfondet)	-15.250.000
Grunnkapital (næringsfondet)	-2.530.000
<b>Disponibel kapital (estimat) per 1.1.21</b>	<b>1.420.000</b>

Dette er estimert saldo, inkludert forventa avkastning for 2020. Det er i 2020 budsjettert med ei renteavkastning på kr 400.000 som vert ført til disponibel saldo ved slutten av året. Grunna låg rente har ein lagt til grunn ei lågare avkastning i berekninga i tabellen ovanfor. I 2021 budsjetterer ein med halvparten i renteavkastning samanlikna med opphavleg budsjett for 2020.

Det er og verdt å merke seg at kommunen har to andre fond som også kan brukast til næringsretta formål:

Andre kommunale fond til næringsformål	Beløp
Tilskot til kommunale næringsfond i samband med Covid-19	722.000
Gamle prosjektmidlar knytte til kvinner i næringslivet	151.000
<b>Disponibel kapital andre «næringsfond» (estimat) per 1.1.21</b>	<b>873.000</b>

**Bruk av næringsfond i 2021:**

<b>Bruk næringsfond 2021</b>	<b>Beløp</b>
Tilskot til Setesdal Regionråd	1 300 000
Tilskot til turistinformasjon	60 000
Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	30 000
Villreinprosjekt Setesdal Austhei	15 000
Rypeprosjekt SVR	15 000
Tilskot til Bygland Sikringsradiolog (avtale om driftning)	5 000
Landbrukstilskot	100 000
Setesdal Vekst	500 000
Fiberprosjekt	300 000
Reguleringsplan Byglandsfjord	200 000
Bjoren	150 000
Næringsutvikling - (Andel lønn)	230 000
Avdrag langsiktig gjeld til samfunnsutvikling	800 000
<b>Sum</b>	<b>3 705 000</b>

<b>Bruk av andre kommunale fond til næringsformål i 2021</b>	<b>Beløp</b>
Tilskot til kommunale næringsfond i samband med Covid-19 – næringstilskot	722.000
Gamle prosjektmidler knytte til kvinner i næringslivet – næringstilskot	151.000
<b>Sum</b>	<b>873.000</b>

**Næringsfremmende tiltak:**

Kommunen har ein næringsansvarleg som har arbeidd med næringsutvikling saman resten av næringsgruppa. Det er budsjettert med bruk av kr 230.000 av næringsfondet til løn til næringsansvarleg (om lag 30 % stilling). Næringsprosjektet Setesdal Vekst er lagt inn med kr 500.000.

**Turisme:**

Det er sett av kr 150.000 til Bjoren i 2021. Dette inkluderer ordinært tilskot til rehabilitering av båten, samt kr 100.000 ekstra til ekstraordinære tiltak. Det er også sett av kr 60.000 til å drifte den kommunale turistinformasjonen for sommaren 2021.

**Landbruk og viltforvaltning:**

- Etter nokre år med store utbetalingar av landbrukstilskot, er det ikkje økonomisk kapasitet til å utbetale tilskot i den størrelsen i 2021. Ein legg difor inn kr 100.000 til dette formålet.
- Det er også i 2021 budsjettert med kr 30 000 som tilskot til Norsk Landbruksrådgjeving.
- I regi av SVR er Bygland kommune beden om å bidrage med kr 15 000,- til eit rypeprosjekt som skal gå over 3 år. Prosjektet starta i 2020.
- I regi av villreinforvaltninga er Bygland kommune med i eit fireårig villreinprosjekt som starta opp i 2018, og skal vere fram til 2022. Årlig løyving i perioden er kr 15 000.
- Jf. tidligare år er det føreslått å setje av kr 5 000 som tilskott til Bygland sikringsradiolog.

**Infrastrukturelle tiltak og planarbeid:**

Det ligg inne kr 300.000 til utbygging av fiber i Bygland kommune og det er lagt opp til at reguleringsplanen på Byglandsfjord skal fornyast i 2021.

Agder fylkeskommune har lagt inn ny bru på Ose i sin investeringsplan. Prosjektet er ikkje fullfinansiert og kommunen vil bli utfordra om å gå inn i prosjektet med ein kommunal eigenandel. Dette vil ein kome tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Generelt:

Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å fordele kostnadene mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet. Det er semje mellom alle deltakarkommunane i Setesdal Regionråd. Storleiken på det kommunale tilskotet vert vidareført med kr 1,3 mill.

**Næringsfond 2021-2024:**

Det vert budsjettet med følgjande bruk og avkastning på næringsfondet i økonomiplanperioden:

BYGLAND	2020	2021	2022	2023	2024
Avkastning	3 500	3 400	3 400	3 400	3 400
Bruk av næringsfond	3 705	3 705	3 705	3 705	3 705
<b>Netto bruk (-) eller avsetning (+)</b>	<b>-205</b>	<b>-305</b>	<b>-305</b>	<b>-305</b>	<b>-305</b>

Bruk av næringsfond for 2020 vil bli justert i 3. budsjettjustering for 2020, men ein har ikkje desse tala klare i skrivande stund. Det er ikkje laga detaljbudsjett for bruk av næringsfond i åra 2022-2024, så desse tala er svært usikre. Ekspansiv bruk av næringsfondet dei siste åra har tæra på den frie kapitalen, så det bli gjort ein vurdering i forkant av budsjettet for 2022 kor ein mest sannsynleg vil legge opp til mindre bruk enn kva som er budsjettet med i økonomiplanen per no.

**Driftsbudsjett 2021-2024**

I økonomiplanen er utviklinga som følgjer:

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023	Økonomi- plan 2024
<b>Generelle driftsinntekter</b>						
Rammetilskot	-63 085	-64 065	-63 581	-63 710	-63 371	-63 038
Inntekts- og formuesskatt	-26 841	-28 370	-27 464	-27 463	-27 452	-27 445
Eigedomsskatt	-7 836	-9 100	-10 550	-10 350	-10 350	-10 350
Andre generelle driftsinntekter	-7 920	-6 830	-7 330	-7 330	-7 330	-7 330
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-105 682</b>	<b>-108 365</b>	<b>-108 925</b>	<b>-108 853</b>	<b>-108 503</b>	<b>-108 163</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>						
Sum bevillingar drift, netto	115 492	114 261	114 922	114 760	114 777	114 460
Avskrivingar	7 802	0	0	0	0	0
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>123 294</b>	<b>114 261</b>	<b>114 922</b>	<b>114 760</b>	<b>114 777</b>	<b>114 460</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>17 612</b>	<b>5 896</b>	<b>5 997</b>	<b>5 907</b>	<b>6 274</b>	<b>6 297</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>						
Renteinntekter	-1 443	-1 400	-800	-800	-800	-800
Utbytter	-6 826	-6 797	-3 795	-3 795	-3 795	-3 795
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	2 503	3 050	2 050	2 050	2 050	2 050
Avdrag på lån	4 743	5 275	5 790	6 000	6 200	6 400
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-1 023</b>	<b>128</b>	<b>3 245</b>	<b>3 455</b>	<b>3 655</b>	<b>3 855</b>
Motpost avskrivingar	-7 802	0	0	0	0	0
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>8 787</b>	<b>6 024</b>	<b>9 242</b>	<b>9 362</b>	<b>9 929</b>	<b>10 152</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-153	-1 154	-2 172	-2 072	-2 172	-2 072
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-6 374	-4 870	-7 070	-7 290	-7 757	-8 080
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-1 076	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-7 603</b>	<b>-6 024</b>	<b>-9 242</b>	<b>-9 362</b>	<b>-9 929</b>	<b>-10 152</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>1 184</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

2020-budsjettet som ligg inne i oversikten over, er opphaveleg budsjett som vart endra gjennom året 2020. For 2020 er inntekta auka. Dette er ei nominell auke sett mot 2019-tal. Auka i driftskostnadane er på 0,4 %, som er godt under deflatorveksten på 2,7 %. Driftskostnadane vil bli omtala i større grad i del 5. Av tabellen over, ser ein at inntektsveksten på 0,3 % og ligg vesentleg under deflatornivå.

Den ordinære drifta i 2021 er lagt opp med eit 0-resultat, med bruk av disposisjonsfond på kr 7.070.000, inkl. bruk av ordinært disposisjonsfond, flyktningefond, bygdebokfond og einingsfond på Bygland oppvekstsenter. Dette er ikkje eit akseptabelt tal, og ein ser at dette talet ikkje vert betre utover i økonomiplanperioden. Primærårsakene til dette er at utbytte frå Agder Energi har gått vesentleg ned samanlikna med 2020, avdraga gjeng opp pga. dei store investeringane i 2019 og 2020 og barnevernsutgiftene, som har auka med 1,7 mill. samanlikna med budsjettet for 2020.

### 3.4 Budsjettrammer for einingane

#### Bevillingsoversikt drift, budsjett

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Generelle driftsinntekter</b>			
Rammetilskot	-63 581	-64 065	-63 085
Inntekts- og formuesskatt	-27 464	-28 370	-26 841
Eigedomsskatt	-10 550	-9 100	-7 836
Andre generelle driftsinntekter	-7 330	-6 830	-7 920
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-108 925</b>	<b>-108 365</b>	<b>-105 682</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>			
Sum bevillingar drift, netto	114 922	114 051	115 492
Avskrivningar	0	0	7 802
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>114 922</b>	<b>114 051</b>	<b>123 294</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>5 997</b>	<b>5 686</b>	<b>17 612</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>			
Renteinntekter	-800	-1 400	-1 443
Utbytter	-3 795	-6 797	-6 826
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0
Renteutgifter	2 050	3 050	2 503
Avdrag på lån	5 790	5 275	4 743
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>3 245</b>	<b>128</b>	<b>-1 023</b>
Motpost avskrivningar	0	0	-7 802
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>9 242</b>	<b>5 814</b>	<b>8 787</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>			
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 172	-1 154	-153
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-7 070	-4 660	-6 374
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	-1 076
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-9 242</b>	<b>-5 814</b>	<b>-7 603</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 184</b>

Alle tala er i årets opphavelege kronekurs. Når ein berekner realendringar må ein hugse deflatorkorrigeringar.

## Bevillingsoversikt drift, budsjett til fordeling

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Frå bevillingsoversikt:</b>			
Til fordeling drift	114 722	114 051	115 492
<b>Netto driftsutgifter pr. eining</b>			
Politisk styring og kontroll	1 890	1 790	1 877
Stab og fellesutgifter	14 007	14 540	13 904
Kultur	2 135	2 134	2 115
Bygland Oppvekstsenter	18 832	20 258	19 349
Byglandsfjord Oppvekstsenter	12 057	12 364	11 692
Helse	9 577	10 548	9 015
NAV	0	0	1 120
Pleie og omsorg	31 338	33 136	33 978
Drift og forvaltning ekskl. VARF	14 854	14 045	14 288
Drift og forvaltning - VARF	1 973	903	776
Store prosjekt	1 450	1 635	2 478
Eksterne samarbeid	16 832	15 040	14 564
Andre sentrale inntekter og kostnadar	-10 023	-12 342	-9 666
<b>Netto for alle eininger</b>	<b>114 922</b>	<b>114 051</b>	<b>115 492</b>

Den einskilde eining er kommentert i eigne avsnitt nedanfor. Merk at talla ovanfor er eksklusive fondsdisponeringar, i motsetnad til tidlegare.

Oversikten under viser kostnadsramme per eining frå 2020 til 2024, inkl. prosentvise endringar mellom åra:

Eining	2020	Endr.	2 021	Endr.	2 022	Endr.	2 023	Endr.	2024
Politisk styring	1 790	5,6 %	1 890	-5,3 %	1 790	11,2 %	1 990	-10,1 %	1 790
Stab og fellesutgifter	14 540	-3,7 %	14 007	0,0 %	14 007	0,0 %	14 007	0,0 %	14 007
Kultur	2 134	0,0 %	2 135	0,0 %	2 135	0,0 %	2 135	0,0 %	2 135
Bygland oppvekstsenter	20 258	-7,0 %	18 832	0,0 %	18 832	0,0 %	18 832	0,0 %	18 832
Byglandsfjord oppvekstsenter	12 364	-2,5 %	12 057	0,0 %	12 057	0,0 %	12 057	0,0 %	12 057
Helse	10 548	-9,2 %	9 577	0,0 %	9 577	0,0 %	9 577	0,0 %	9 577
Pleie og omsorg	33 136	-5,4 %	31 338	0,0 %	31 338	-1,0 %	31 038	0,0 %	31 038
Drift og forvaltning	14 045	4,3 %	14 854	-0,6 %	14 569	0,0 %	14 569	0,0 %	14 569
Drift og forvaltning - VARF	903	118,5 %	1 973	-5,9 %	1 856	6,3 %	1 973	-5,9 %	1 856
Større prosjekter	1 635	-11,3 %	1 450	0,0 %	1 450	0,0 %	1 450	0,0 %	1 450
Eksterne samarbeid	15 040	11,9 %	16 832	0,0 %	16 832	0,0 %	16 832	0,0 %	16 832
Andre sentrale innt. og kostn.	-12 342	-18,8 %	-10 023	-3,4 %	-9 683	0,0 %	-9 683	0,0 %	-9 683
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>114 051</b>	<b>0,6 %</b>	<b>114 922</b>	<b>0,03 %</b>	<b>114 760</b>	<b>0,01 %</b>	<b>114 777</b>	<b>-0,3 %</b>	<b>114 460</b>

Budsjettkommentarar per eining følgjer i dei neste avsnitta.

## **Politisk styring og kontroll**

Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, utgifter i samband med møte osv.

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	1 877	1 790	<b>1 890</b>	1 790	1 990	1 790

Budsjettuka samanlikna med 2020 er først og fremst på grunn av at 2021 er eit valår, og difor ligg det inne kostnadane til valadministrasjon. Det er lagt opp til ei ordning der einingane får kompensert ekstrautgifter for tilsette som er politikarar. Denne ordninga er avgrensa av utgifter knytte til faktisk vikarbruk. Formannskapet er lagt inn med ei tilleggsøyving på kr 10.000. Dette er midlar formannskapet kan disponere til ynskja føremål. Det er ikkje tilleggsøyvingar for dei andre politiske utvala.

Vedtekne godtgjersle til politikarane er vidareførte i budsjettframlegget med same sats som i 2021. Det er sett av kr 50.000 til tilskotsordning til politiske parti. Kommunestyret har i eiga sak vedteke disponeringa av desse midlane. Det er sett av kr 10.000 til TV-aksjonen 2020.

## **Stab og fellesutgifter**

Eininga omfattar kommunedirektøren sin stab sine oppgåver innan administrasjon, leiing, økonomi, personal og politisk sekretariat. Eininga inkluderer og plan og utvikling, beredskap, sektorovergripande fellesutgifter, pedagogisk rådgjevar, tilskot til fellesrådet, frivilligentralen og HTV/HVO.

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	13 904	14 540	<b>14 007</b>	14 007	14 007	14 007

Budsjettreduksjonen frå 2020 til 2021 er på 3,8 % og er for det meste relatert til at dei øyremerka midlane til frivilligentralen vert overført som særskilt tilskot, i motsetnad til tidlegare, då dette tilskotet var ein del av rammetilskotet (kr 364.000), og at tilskot til tros- og livssynssamfunn (kr 58.000) er trekt ut sidan dette vert ein statleg oppgåve frå og med 2021. I tillegg så har ein redusert nokre budsjettpostar slik at dei samsvarer betre med faktiske rekneskapstal i 2019, og ein ekstraordinær kostnad på kr 50.000 i 2020 er trekt ut frå budsjettet til frivilligentralen frå og med 2021. Det er ikkje lagt opp til nokre ekstraordinære kostnadane i økonomiplanperioden, og det er, per dags dato, heller ikkje planlagt organisatoriske endringar i 2021. Talet på årsverk i 2021 er 18,1, det same som i 2020.

## **Kultur**

Eininga omfattar ungdomsklubben, ungdomsrådet, biblioteket og overordna sakshandsaming og administrasjon innan kultur, t.d. søknadar om kulturmidlar, IFK-plan, spelemidlar, kontakt/samspel med lag og organisasjon osv. Kostnadane og inntekter knytte til bygdeboka ligg og under denne eininga.

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	2 115	2 134	<b>2 135</b>	2 135	2 135	2 135

Det er gjort nokre små justeringar internt i ramma, men budsjettet for 2021, og sågar 2022-2024, er i stor grad ei vidareføring av budsjettet for 2020. Av viktige budsjettpostar ein nemne kulturmiddelbudsjettet, som er lagt inn med kr 315.000, og ungdomsrådet på kr 50.000, som begge vert vidareført. Nettokostnaden knytte til bygdeboka vert dekt av bygdebokfondet. Det er i 2021 budsjettert med å bruke kr 500.000 av fondet til dette arbeidet. Per 01.01.20 er saldoen på fondet kr 2.544.000, og det er budsjettert med å bruke kr 500.000 i 2020 også.

## **Oppvekstsektoren i Bygland kommune**

Bygland kommune har to oppvekstsenter. Bygland oppvekstsenter inneholder ordinær skuleverksemnd 1.-10. klasse, skulefritidsordning (SFO) og barnehage. Byglandsfjord oppvekstsenter inneholder ordinær skuleverksemnd 1.-7. klasse, skulefritidsordning (SFO) og barnehage. Det er sett i verk eit tett samarbeid mellom oppvekstsentra, både gjennom faglege nettverk for lærarane, og med fagsamlingar for elevane. Føremålet er å bygge eit solid fagmiljø, og å skape gode relasjonar mellom barna i heile kommunen.

Elevtal	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024
Byglandsfjord oppvekstsenter, 1-7.	42	37	43	48
Bygland oppvekstsenter, 1-7.	41	40	35	33
Bygland oppvekstsenter, 8-10.	39	37	33	35
<b>Sum</b>	<b>122</b>	<b>114</b>	<b>111</b>	<b>116</b>

Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Byglandsfjord oppvekstsenter	11 692	12 364	<b>12 057</b>	12 057	12 057	12 057
Bygland oppvekstsenter	19 349	20 258	<b>18 832</b>	18 832	18 832	18 832
<b>Sum</b>	<b>31 041</b>	<b>32 622</b>	<b>30 889</b>	<b>30 889</b>	<b>30 889</b>	<b>30 889</b>

### **Byglandsfjord oppvekstsenter**

Budsjettramma for 2021 er redusert med 2,4 % frå 2020. Reduksjonen knyter seg i hovudsak til endringar i bemanninga. I skulen er det kutta 0,65 lærarårsverk, frå 5,82 årsverk i 2020 til 5,17 årsverk 2021. Oppvekstsenteret har fleire elevar som treng ein-til-ein oppfølging. Skuleassistentressursen er på 1,8 årsverk i 2021, mot 1,5 i 2020. SFO har framleis styrka bemanning for å følge opp enkeltbarn med særskilte behov. Barnehagen følger nasjonale bemannings- og pedagognormer, men må styrke bemanninga med 1,0 årsverk i 2021 for å følge opp enkeltbarn med særskilte behov.

Andre budsjettpostar som er reduserte er knytte til straumutgifter, skulefrukt, transport av elevar, og kurs- og reiseutgifter, er reduserte med til saman 100 000 kroner.

### **Bygland oppvekstsenter**

Budsjettramma for 2021 er redusert med 6,64% frå 2020. Det er lønsbudsjettet som utgjer den største posten på budsjettet og det er òg her det er mogleg å gjøre dei store innsparingane. På skulen har ein redusert i antal lærartimar, spesielt på mellomtrinnet ved å gjøre ei omorganisering. Ein har redusert i overkant av eit lærarårsverk totalt ved skulen. Vidare er skuleskyssen redusert med kr. 100 000,- då talet på elevar som har behov for skuleskyss er redusert. Ordninga med gratis frukt og grønt to dagar i veka for alle elevar og varmt måltid til elevar i ungdomsskulen er tatt bort. Dette gir ei årleg innsparing på kr 125 000,-. I tillegg er ramma redusert med kr. 50 000 tatt frå ulike postar som blant anna køyregodtgjersle, kjøp av inventar og utstyr og kjøp av IKT-utstyr. Utgifter til straum er auka med kr. 40 000,- noko som er i tråd med faktiske utgifter.

I barnehagen har ein redusert bemanninga med 1,7 årsverk. Dette skuldast blant anna nedgang i barnetalet og at ein har justert bemanninga deretter. Ein har redusert inntekta på brukarbetaling på kr. 200 000,- med grunnlag i at det er færre barn i aldersgruppa og det er innført nasjonale krav om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Det gir inntektstap på tenesteområdet. Det er ein variabel det er vanskeleg å ta høgde for i budsjettet då det tar utgangspunkt i antal søknadar og foreldra si inntekt. Skulefritidsordninga har ei auke i budsjettet grunna styrka bemanning med 0,37 årsverk grunna elevar med særskilde behov.

Det er ikkje budsjettert med nye lærlingar frå hausten 2021 på oppvekstsenteret. Det er ikkje budsjettert med bruk av midlar til undervisning av minoritetsspråklege vaksne, då flyktningane i kommunen har vore gjennom obligatorisk norsk- og samfunnsfagopplæring. Det er ingen på grunnskuleopplæring for vaksne per dags dato. Vi har vedlikehaldsundervisning for vaksne etter Opplæringslova §4-2. Dette held fram. Inga auke i ramma. Dette vert saldert mot fond. Når det gjeld utgifter til opplæring av minoritetsspråkleg barn vert desse saldert via fond. Budsjettet bruk av fond i 2021 er på kr 1 009 000. Fondet utgjer kr 949 000 per 01.01.20. I 2021 legg ein opp til

å bruke av flyktningefondet i staden. Merk at budsjettert ramme i oversikten ovanfor inkluderer kostnadane på desse ansvarsområda, men ikkje sjølv bruken av fond, som vert synleggjort i budsjettoversikten «Bevillingsoversikt drift, budsjett».

### Helse

Eininga inkluderer legetenesta, kommunepsykolog, fysioterapitenesta, helsejukepleier, jordmor, psykisk helse og rus (inkl. psykiatribustadane på Byglandsfjord), støttekontakt og avlastning og flyktningetenesta. Eininga administrerer og vertskommunesamarbeida knytte til kommuneoverlege og jordmor.

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	9 015	10 548	9 577	9 577	9 577	9 577

Merk at budsjettert ramme i oversikten ovanfor inkluderer kostnadane for flyktningetenesta, men ikkje sjølv bruken av flyktningefondet, som vert synleggjort i budsjettoversikten «Bevillingsoversikt drift, budsjett». Auka frå 2019 til 2020 er knytte til overføringa av flyktningetenesta frå NAV-eininga i samband med at NAV-kontoret vart ein del av vertskommunesamarbeidet NAV Midt-Agder.

Budsjettetramma er redusert med 10,1 % frå 2020. Reduksjonen knyter seg primært til at kommunen har søkt Fylkesmannen om å ikkje ha LIS1-lege frå 1.3.21 på grunn av for lite pasientgrunnlag (pasientar på fastlegelisten er 1154 per dags dato). Det har vært vanskeleg å gje god nok opplæring og nå læringsmåla som er satt for LIS1-utdanninga. Ei anna årsak til budsjettreduksjonen er at flyktningkonsulentstillinga er redusert med 0,5 årsverk.

Av andre endringar kan det nemnast at helsejukepleiarene, som har ei 90 % stilling, har fått innvilga permisjon i 20 % stilling, og med ei omorganisering av tenestene og tilskottsmidlar fra Helsedirektoratet blei det tilsett ein person med vernepleier og pedagogisk utdanning i skulehelsetenesta, 20 % fast og 30 % i vikariat. Helsejukepleiar gjev tilbod om tenester til alle innbyggjarane i kommunen mellom 0-20 år. Helsestasjonen yter tenester i form av helgestasjon for barn 0-5 år, skulehelseteneste for barn og ungdom 6-20 år. Helsestasjon for ungdom er etablert på måndagar.

Når det gjeld psykisk helse og rus, så består tenesta av ei 50 % stilling spesialhjelpepleiar med god psykiatrikompetane, 30 % vernepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i eit vikariat med ruskompetanse. Ungdom med psykisk helse og rus-utfordringar får og oppfølging frå tenesta. Styrking av ruskompetansen får tenesta og gjennom LMT med interkommunal psykisk helse og ruskoordinator i Setesdal i 20 % stilling.

Kommunen har gått inn avtale om kjøp av ein aktivitetsplass frå Setpro for ein person. Dette inneberer ei kostnadsauke på kr 275.000 samanlikna med 2020. Det er mykje usikkerhet på noverande tidspunkt om ein må auke omfanget og dermed auke den budsjetterte kostnaden. Denne kostnaden er budsjettert under ansvarsområdet støttekontakt og avlastning.

Frå 2020 var kommunepsykolog ein lovpålagt teneste. På budsjettet er det satt av 90 000 til kjøp av psykologtenester, jf. statleg tildeling til denne teneste gjennom rammetilskotet. Kommunen er i dialog med Åseral og Evje og Hornnes kommune om eit samarbeid om fast psykologstilling. Ein vertskommuneavtale vil bli utarbeid til handsaming i kommunestyret i løpet av 2021.

Budsjettert bruk av flyktningefondet er på kr 544 000. Saldo på fondet er kr 12 574 000 per 1.1.20. I 2021 er det budsjettert løn til kommunale lærlingepllassar for flyktningane for som blir finansiert av fond. Det er nå ein lærling i Drift og Forvaltning og frå hausten startar tre som lærlingar i Pleie og Omsorg/helse.

### Pleie og omsorg

Bygland kommune har fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på pleie- og omsorgstenestene. Hovudoppgåva til pleie- og omsorgseininga er å yte gode tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester. Det er for tida 3 avdelingar i pleie- og omsorgseininga. Desse er:

- Avdeling Byglandsheimen
- Avdeling for open omsorg
- Avdeling for habilitering

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	33 978	33 136	31 338	31 338	31 038	31 038

Budsjettramma er redusert med 5,7 %, primært på grunn av ein reduksjon på 1,82 i antal årsverk. Dette inkluderer 1,2 årsverk knytte til reinhald som vert overført til Drift og forvaltning med verknad frå 01.01.21, samt ei halvering i årsverk knytte til merkantil støtte. Det er og kutta ein del i tillegg på løn grunna meir effektiv utnytting av personalressursane. Den nasjonale reforma «Leve heile livet» er tatt omsyn til innanfor gjeldande ramme. Det same er den lovpålagte stillinga som ergoterapeut og oppsett av gjerde på Byglandsheimen. Sistnemnte er ein ekstraordinær kostnad i 2021. I 2023 og 2024 har ein lagt til grunn ein reduksjon i straumutgifter på kr 300.000 grunna planlagt overgang til nytt energianlegg. Merk at dette er usikre anslag.

Eininga har i løpet av dei siste 6-7 åra gjennomført store effektiviseringstiltak som har ført til ei reduksjon i årsverk frå 49,11 til 39,65, ei nedgang på 23,85 %. Sett i samanheng med det aukande behovet for pleie- og omsorgstenester i Bygland kommune, er det vanskeleg å sjå at det er mogleg å gjere ytterlegare reduksjonar utan at det går kraftig ut over tenestetilbodet.

I 2021 vil eininga ha eit særleg fokus på å implementere dei siste tiltaka i Stortingsmelding 15 «Leve heile livet – ein kvalitetsreform for eldre», men må først og fremst overhalde lovmessige krav når det gjeld tenestebehov. Kvalitetsforbetring innan det helsefaglege området vil bli prioritert framfor andre tiltak. Målbiletet er ein kontinuerleg og lærande forbettingskultur, og organisasjonen må vidareutviklast til å vere best mogleg tilpassa framtidas behov for pleie- og omsorgstenester. Det vil difor vere heilt naudsynt å gjere tilpassingar i eksisterande struktur for å få dette til. For eksempel så er behovet for tenester innan open omsorg aukande, og det er forventa at bemanninga må justerast opp i åra som kjem for å kome dette behovet i møte.

### Drift og Forvaltning inkl. VARF

Drift og forvaltning utfører tenesteyting på fleire nivå, både internt i organisasjonen og for kommunen sine innbyggjarar. I grove trekk er hovudoppgåvene som følgjer:

- Drift og vedlikehald av bygg, anlegg (VA) og infrastruktur (veg og grøntanlegg inkl. kyrkjegardar og gravartenester).
- Sakshandsaming og oppfølging av ca. 25 ulike lovverk
- Ulike drifts- og investeringsprosjekt
- Personal- og økonomiansvar

Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Drift og forvaltning ekskl. VARF	14 288	14 045	14 854	14 569	14 569	14 569
VARF (vatn, avlaup, renovasjon og feiling)	776	903	1 973	1 856	1 973	1 856
<b>Sum</b>	<b>15 064</b>	<b>14 948</b>	<b>16 827</b>	<b>16 425</b>	<b>16 542</b>	<b>16 425</b>

### Drift og forvaltning ekskl. VARF

Budsjettramma for Drift og forvaltning ekskl. VARF har auka med om lag kr 600.000 (4,3 %) samanlikna med 2020. Hovudårsaken til denne auken ligg i omorganisering av reinhaldstenesta. Eininga overtek det faglege og administrative ansvaret for reinhaldet på Byglandsheimen så raskt det blir rekruttert ny reinhaldsleiar. Stillingsoverføringa utgjer 120 % stilling og ein budsjettsum på kr 715 000. Andre forhold som påverkar driftsramma for 2021 er følgjande:

- Sett saman med investeringsbudsjettet 2021 er det budsjettert med omlag kr 350 000,- mindre til overføring av lønnskostnadar til investeringsprosjektarbeid.

- Det er forventa reduserte straumkostnadar jf. utskifting av diverse gatelys i 2020, og montering av straummålarar på fleire umålte lysanlegg som har hatt fast pris. Omlag 40 gatelyspunkt langs RV 9 skal også overførast til Statens Vegvesen.
- Det er budsjettet med høgare kostnadar til dyrlegeordninga grunna reduserte statlege overføringer
- Komande ny rammeavtale for drift og vedlikehald av gatelys bør gi reduserte kostnadar.
- Driftskostnadar i samband med ny brannstasjon er noko usikre sidan bygget er heilt nytt.
- Usikre kostnadar til vintervedlikehald av kommunale og eit utval av private vegar.
- Renovasjon på kommunale bygg blir lågare grunna innsamling i regi av SMG.
- Sal av minibussen gir lågare driftsutgifter på omlag kr 50 000,-. Eventuelt innkjøp av ny vil minske kostnadsreduksjonen.
- Avgjersler om framtidig bruk, sal, kjøp og disponering av kommunale bygg og anlegg vil påverke drifts- og vedlikehaldskostnadane til eininga.
- Det er lagt inn ein ekstraordinær kostnad på kr 35.000 i 2021 til kjøp av hurtigoppvaskmaskin til kjøkkenet i lokomotivstallen, dette av omsyn til Mattilsynet og effektivisering av oppvask på lokalet. Denne kostnaden er ikkje teke med i åra 2022 til 2024.

Etter gitte økonomiske føringar er det ikkje funne rom for å budsjetttere med:

- Ikke utnytte 20 % vakant stilling på uteseksjonen. Budsjettsum kr 120 000,-
- Utskifting av torvtak på Oseløya, Bygland museum. Budsjettsum kr 150 000,-
- Fleire bygg og anlegg har vedlikehaldsbehov som ikkje er funne rom for i budsjettforslaget. Grove oversiktar anslår kostnadar på fleire millionar.

I åra 2022 til 2024 er det lagt til grunn ein reduksjon i straumutgifter på kr 50.000 grunna investeringa i nye gateljos som vert gjort i både 2020 og 2021. Det er elles ikkje lagt inn større endringar i åra 2022 til 2024, men ein må påpeike at dette er særer usikre tal.

#### **VARF**

For sjølvkostområdet (vatn, avløp, renovasjon og feiing) er det mindre justeringar på drifts- og vedlikehaldsbudsjettet. 40 % stillingsresurs er flytt frå ordinært driftsbudsjett til sjølvkostområdet grunna bortfall av VA-ingeniørstilling i 2019. For gebrysatsane for dei ulike tenestene, så blir det vist til gebyrregulativforslaget 2021, samt kapittel 1 i budsjett dokumentet.

Det er sjølvkostberekingane på avlaupsområdet som er hovudårsak til at 218 % samanlikna med 2021. Det er den store investeringa i reinseanlegg på Bygland som gjer at avskrivings- og rentekostnadane gjeng opp med kr 811.000 berre på avlaup. Det er også årsaka til at gebrysatsane på avlaup vert auka med 12 prosent.

#### **Investering**

Gitte føringar tilsei eit lågare investeringsnivå i 2021 enn føregåande år. Dette kan ein også definere som positivt. Siste åra har vori krevjande med mange prosjekt og til tider for store arbeidsbelastningar. 2021 kan bli eit år der ein får sluttfører påbegynte prosjekt og førebu eventuelle investeringar for 2022. Det er ønskjeleg og tilrådeleg at det blir gitt betre rom for å planlegge større investeringar enn det ein har hatt til no med utgangspunkt i kompetanse- og mannskapssituasjonen. Å førebu å effektivisering innan forvaltning, drift- og vedlikehald krev også planleggingstid og gode interne prosessar med tilsette.

For kommentarar knytte til dei einskilde investeringsprosjekta, viser ein til eige kapittel om investeringsbudsjettet.

#### **Generelt**

Utfordringar gjennom budsjettåra er alle hendingar som ikkje kan planleggjast. Desse hendingane utløyser fortlaupande økonomiske og mannskapsmessige omprioriteringar.

Ein ynskjer gjennom 2021 å førebu / forankre innføring av eigne FDV-system for forvaltning, drift og vedlikehald av bygg og anlegg inklusive reinhald. Det er forventa at bruk av FDV system gir ein systematisk plan og at det vil vere til stor hjelp med tanke på å sjå framtidige og effektiviseringseffektar.

Handlingsregelen er å utføre tiltak som går direkte på helse, miljø og sikkerheit, lovkrav og at ein prioriterer sentral bygningsmasse som Byglandsheimen, Skular / Barnehage, vass – og avlaupsanlegg.

### Større prosjekt

Denne eininga er oppretta for å handtere større driftsprosjekt i kommunen, eller prosjekt med anna finansiering.

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	2 478	1 635	1 450	1 450	1 450	1 450

Endringar i budsjettramma på denne eininga skuldast først og fremst den generelle aktiviteten i kommunen relatert til driftsprosjekt. Det ligg normalt ikkje lønskostnadene under denne eininga. Ramma for 2021 er redusert med 12,7 % samanlikna med 2020. Følgjande prosjekt er prioriterte i 2021:

- Setesdal Vekst (kr 625.000 inkl. mva.) som vert dekt av næringsfondet.
- Vedlikehald Skrelandsvegen (kr 625.000 inkl. mva.) som vert dekt av ekstraordinære vedlikehaldsmidlar kommunen fekk tildelt som kompensasjon i samband med Covid-19, for å skape auka aktivitet for entreprenørar i nærområdet.
- Reguleringsplan på Byglandsfjord (kr 200.000 inkl. mva.) som vert dekt av næringsfondet.

Følgjande prosjekt kan det kome kostnadene på i 2021:

- På reguleringsplan Ose kan det kome ein liten kostnad knytte til kontroll av planen.
- Prosjekt gratis tomter: Når kommunen gir vekk ei tomt, må salsverdien av tomta inntektsførast i investeringsrekneskapet, og den same verdien må kostnadsførast i driftsrekneskapet som eit tilskot. Tomteprisane varierer frå kr 25.000 til 200.000, så det er difor veldig uvisst kva for beløp ein skal setje av, og det er heller ikkje sikkert om det vert gjeve bort tomter i 2021 i det heile. Viss det blir aktuelt, vil ein heller gjere ei justering på ramma i ein tertialrapport. I 2020 er det gjeve bort ei tomt.

### Eksterne samarbeid

Denne eininga er budsjettert med kostnadene til eksterne samarbeid kommunen har. Dette gjeld overføringer til IKS, vertskommunesamarbeid og overføringer til andre samarbeid kommunen tek del i. Årsaka er å skaffe seg ei enklare oversikt over samla kostnadsnivå, samt at dette er i hovudsak kostnadene ein ikkje kan påverke direkte. Dei er som oftast regulert gjennom vedtak på politisk nivå eller resultata i dei einskilde objekta.

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Endr. frå 20 til 21
<b>Eksterne samarbeid</b>				
<b>Fellesutgifter/sektorovergripande</b>	778 272	467 000	390 000	-77 000
• Skatteoppkrevjing (fell bort 01.11.20)				
• Driftstilskot Setpro				
• Interkommunal arbeidsgjevarkontroll				
<b>Kontrollutvalet (sekretariat)</b>	130 000	134 000	134 000	-
<b>Revisjon</b>	604 000	610 000	670 000	60 000
<b>IKT</b>	2 939 313	2 775 000	2 575 000	-200 000
<b>PPT</b>	744 637	773 000	773 000	-
<b>Musikk og kulturskule</b>	204 490	425 000	425 000	-
<b>AAma - Museumsdel</b>	401 900	413 000	424 000	11 000
<b>Setesdal barnevern</b>	4 420 091	3 100 000	4 629 000	1 529 000
<b>Legevakt</b>	649 963	666 000	691 000	25 000
<b>Kommunal øyeblikkelig hjelp</b>	494 000	509 000	522 000	13 000
<b>Lokalmedisinske tenester</b>	697 644	782 000	744 000	-38 000
<b>Setesdal brannvesen IKS</b>	2 075 802	2 136 000	2 630 000	494 000
<b>NAV</b>		1 750 000	1 850 000	100 000
<b>Vassdragsstyre for øvre Otra</b>	424 033	500 000	375 000	-125 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>14 564 000</b>	<b>15 040 000</b>	<b>16 832 000</b>	<b>1 792 000</b>

Innleiingsvis må det presiserast at nokre av desse anslaga er særslig usikre. Spesielt barnevern og IKT har vist seg å vere vanskeleg å budsjettere tidlegare, sidan det dukkar opp sakar og behov i løpet av året som er vanskeleg å spå på førehand. Eininga totalt sett viser ei budsjettet kostnadsuke på 11,9 %. Årsaka til denne auka er primært auka i barnevernsbudsjettet, som i hovudsak skuldast feilbudsjettering for 2020. I haust har ein hatt ei god gjennomgang av barnevernsøkonomien med leiaren i barnevernet, kor ein har fått kostnadsoverslag per sak som grunnlag for det totale barnevernsbudsjettet for 2021. Budsjettet aukar betydeleg, men ein har god tru på at det er meir realistisk enn det var i 2019 og 2020. Ser ein bort i frå auka i barnevernet, har eininga ei meir moderat budsjettuke på 1,7 %. Det er lagt til grunn same tal for eining eksterne samarbeid i heile økonomiplanperioden.

Elles er det verdt å merke seg at IKT hadde nokre ekstraordinære kostnadar i 2020-budsjettet som ein ikkje tek med seg vidare inn i 2021. Setesdal brannvesen IKS har ekstraordinære kostnadar til kurs og opplæring i 2021 som ein ikkje tek med seg i seinare års budsjett. Auka på revisjonen skuldast ein forenkla etterlevingskontroll som revisjonen skal gjennomføre i 2021. Vassdragsstyre for øvre Otra vert saldert av tilskot eller bunde fond.

#### Andre sentrale inntekter og kostnadar

Under denne eininga ligg sentrale inntekter og kostnadar som skal direkte inn i drifta. Dette er inntektsføring av mva-kompensasjon i drift, sal av konsesjonskraft, bruk av næringsfond som ikkje ligg på andre einingar, kapitalinntekt frå sjølvkostområdet, avsetting til sentral tilleggsløyving for lønnsuke, eigarkostnader til Agder Energi og premieavvik.

Tal i 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Budsjett 2020-2024 og rekneskap 2019	-9 666	-12 342	<b>-10 023</b>	-9 683	-9 683	-9 683

Det er primært følgjande budsjettpostar som er endra frå 2020 til 2021:

- Inntekter frå konsesjonskraft nedjusterast med om lag 0,8 mill. samanlikna med budsjett for 2020.
- Kapitalinntekter frå sjølvkost justerast opp med om lag kr 0,8 mill. grunna reinseanlegget på Bygland.
- Tilleggsløyvingar løn (kostnad) justerast ned 0,6 mill.
- Kostnadar som gjelder bruk av ekstraordinært tilskot til næringsfond i samband med Covid-19, vert kostnadsført her, og det er ein kostnad på om lag 0,7 mill. som ikkje låg inne i budsjett for 2020.
- Bruk av næringsfond, som ikkje kostnadsførast på andre einingar, er redusert med kr 450.000.
- Prognosane på premieavvik er betydeleg redusert samanlikna med 2020. Nettoinntekta her er justert ned med 2,85 mill. Merk at desse prognosane er veldig usikre og heng saman med utgiftsført pensjon.

## 4. INVESTERINGSBUDSJETTET

### 4.1 Hovudoversikt investeringar 2021

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2021 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 8.235.000.

Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneholder følgjande (*Tal i 1000*):

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Investeringsutgifter – sjå avsnitt 4.2</b>			
Investeringar i varige driftsmidlar	7 385	25 840	19 535
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	550	600	490
Utlån av egne midlar	0	0	1 152
Avdrag på lån	0	0	865
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>7 935</b>	<b>26 440</b>	<b>22 041</b>
<b>Investeringsinntekter – sjå avsnitt 4.3</b>			
Kompensasjon for meirverdiavgift	-415	-1 508	-1 730
Tilskot frå andre	-800	0	-3 409
Sal av varige driftsmidlar	-1 300	-300	-132
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	-600
Utdeling frå selskap	0	0	-910
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	0	-559
Bruk av lån	-4 870	-24 032	-15 466
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-7 385</b>	<b>-25 840</b>	<b>-22 806</b>
<b>Vidareutlån – sjå avsnitt 4.4</b>			
Vidareutlån	1 000	300	0
Bruk av lån til vidareutlån	-1 000	-300	0
Avdrag på lån til vidareutlån	500	800	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-500	-800	0
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Overføring frå drift og netto avsetningar – sjå avsnitt 4.3</b>			
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	216
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-550	-600	0
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>-550</b>	<b>-600</b>	<b>216</b>
<b>Framført til inndeckning i seinare år (udekt beløp)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-548</b>
<b>Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)</b>			
Inntekter til fordeling	0	0	0
Utgifter til fordeling	7 935	26 440	21 177
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>7 935</b>	<b>26 440</b>	<b>21 177</b>

## 4.2 Investeringsmidler for budsjettet 2021

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2020 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 8.235.000. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 7.685.000.

Investeringsbudsjettet for anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar (*Tal i 1000*):

	<b>Tall i 1000 kroner</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
<b>Frå bevillingsoversikt:</b>				
<b>Netto investeringar til fordeling:</b>	<b>7 935</b>	<b>26 440</b>	<b>21 177</b>	
<b>Prosjekt Fordeling på prosjekt</b>				
1049 Byglandsfjord legekontor - Innredning	0	0	78	
559 Renseanlegg Bygland	0	19 000	13 332	
563 Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	0	1 000	477	
565 Forprosjekt tilstandskartlegging, drift og vedlikehald av VA- og overflatevasssystem	160	0	0	
566 Etablere/utvide søppelplass - Nesmoen	0	0	368	
567 Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	1 400	1 500	0	
568 Sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø	100	200	0	
569 Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	300	500	0	
570 Ny avlaupsbil - 2021	400	0	0	
601 Uteareal Bygland oppvekstsenter	0	0	126	
602 Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	0	0	895	
603 Turveg Byglandsfjord	400	200	24	
604 Nytt doseringsutstyr til symjehallen	150	0	0	
605 Uteareal Bygland barnehage	0	0	297	
752 Utbytting av gateljos	300	300	0	
753 Prosjektering ladestasjonar	0	250	0	
804 Kartverk - Geovekstprosjektet	150	250	107	
817 Kjøp tomtegrunn	1 100	300	46	
828 IFK-plan (idrett og friluftsliv)	150	150	0	
841 Detaljprosjektering VA - Landeskogen	0	450	0	
848 Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen	0	600	536	
869 Ombygging av gammal gymsal til kulturscene, v/ Bygland skule	0	0	2 078	
875 Brannsikring trehusbebyggelsen på Ose	0	220	0	
876 Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland	0	0	243	
877 Lokale for ungdomsklubben m.fl.	200	200	0	
878 Stasjonsområdet Byglandsfjord	200	200	0	
879 Innkjøp av minigraver - 2019	0	0	487	
880 Innkjøp av varebil - 2019	0	0	442	
881 Nye plenklypparar - 2020	0	320	0	
883 Prosjektering ENØK-tiltak Byglandsheimen	200	0	0	
885 Ny sandfeiemaskin - 2020	0	200	0	
886 Nye tilhengarar - 2021	125	0	0	
887 Nye sjukesignal Byglandsheimen - 2021	150	0	0	
888 Kjøletiltak Sagmoen	200	0	0	
890 Leilegheit Bygland	1 700	0	0	
950 Startlån	0	0	1 152	
951 Eigenkapitalinnskot KLP	550	600	490	
<b>Sum fordelt</b>	<b>7 935</b>	<b>26 440</b>	<b>21 177</b>	

Merk at tala for budsjett 2020 er basert på tala i opphavleg budsjett for 2020. Det er lagt opp til fleire budsjettjusteringar i 2020 som ikkje kommer fram her. For eksempel rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng vil bli justert ned i 2020, sidan ein bereknar at størsteparten av kostnaden på dette prosjektet kjem i 2021.

I tillegg til prosjekta nemnt ovanfor, vil ein i 2021 og halde fokus på å fullføre prosjekt som er starta opp i 2020. For nokre av desse prosjekta vil det vere usikkert kor stor del av kostnadane som blir i 2020 kontra 2021, så ein vil difor i 1. tertialrapport 2021 kome tilbake til finansieringsbehovet for desse prosjekta.

Den overordna økonomiske situasjonen tilsei eit lågare investeringsnivå i 2021 enn føregåande år. Dette kan ein også definere som positivt. Siste åra har vori krevjande med mange prosjekt og til tider for store arbeidsbelastningar. 2021 kan bli eit år der ein får sluttfører påbegynte prosjekt og førebu eventuelle investeringar for 2022. Det er ønskjeleg og tilrådeleg at det blir gitt betre rom for å planlegge større investeringar enn det ein har hatt til no med utgangspunkt i kompetanse- og mannskapssituasjonen. Å førebu å effektivisering innan forvaltning, drift og vedlikehald krev også planleggingstid og gode interne prosessar med tilsette.

#### **Prosjektnr. 565: Forprosjekt tilstandskartlegging, drift og vedlikehald av VA- og overflatevasssystem**

Det er ønskjeleg å bruke noko ressursar på å førebu ei statuskartlegging innafor fagområdet. Nytt RA – anlegg på Nesmoen gir potensiale i høve fleire påkoplinger / abonnementar. Forsterka klimafaktorar utfordrar oss også i høve leidningsnettet som skal handtere overflatevatnet. Prestlidi er t d eit område med gryande utfordringar når det gjeld overflatevatn.

#### **Prosjektnr. 567: Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng**

Dette prosjektet starta opp i 2020. Grunna Covid-19-situasjonen, så blei det valgt å skyve noko på tiltaket / arbeidet fordi det blei kjent utsikt til å jobbe i anlegget grunna eventuell smittespreiing og risiko for å i periodar måtte stogge vasstilførsla til potensielle smitteområde. Hausten 2020 vil det vere utarbeida anbodsdokument og arbeidet blir lyst ut for val av entreprenør. Vurderingane omkring totalkostnad vil ein få når pristilbod er gitt. Målsetjinga er at tiltaket skal vere ferdig innan 1.07.2021.

#### **Prosjektnr. 568: Forprosjekt sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø**

Vassverket i Åraksbø er av eldre dato, og vil måtte krevje utskifting av m.a. UV-anlegg om ikkje for mange år. Det er også annonsert strengare nasjonale krav til drikkevassforsyning, noko som også vil kunne påføre kostnadene til nye tryggleikstiltak. Ein ynskjer å undersøke moglegheitene for å kunne fase ut heile vassverket og heller levere vatn frå Austad vassverk. Dette vil eliminere driftskostnadane til dagens vassverk og vil på sikt gi ei total innsparing for vassverksdriftene. Faren for ytre forureining av drikkevatnet vil også bli mykje mindre sidan vatnet frå Austad vassverk kjem frå ein grunnvassbrønn.

#### **Prosjektnr. 569: Luftesystem og blåsemaskinar Byglandsfjord reinseanlegg**

Målsetjinga var å gjennomføre dette tiltaket i 2020, men ein har dierre ikkje hatt kapasiteten til å følgje opp dette i 2020. Bygging av Bygland RA med brannstasjon har blitt prioritert.

#### **Prosjektnr. 570: Ny «avlaupsbil» (nytt prosjekt)**

Av omsyn til m.a. hygiene er det nødvendig å ha eit eige køyretøy innafore fagområdet. Dagens køyretøy er ein 2008-modell som blei kjøpt brukt i 2011. Den har gått ca 130 000 km,- og er prega av rust og diverse utførte og venta verkstadkostnadene. Elbil vil vere fyrstevalet såframt det blir konkludert med at slike modellar kan dekkje behovet, noko som me har tru på at finst. Tilskott frå ENOVA vil også vere aktuelt til innkjøp av elbil.

#### **Prosjektnr. 603: Turveg Byglandsfjord**

Etablering av heilårs turveg langs fjorden frå opplagshuset til Bjoren og til der den gamle jernbanetraseen møter rv. 9. Prosjektet vil bestå av utviding av traseen slik at den kan nyttast av alle, utplassering av benkar, eventuelt etablering av aktivitetsapparat, etablering av ljospunkt og å legge til rette for brøyting. Tiltaket kvalifiserer som nærmiljøanlegg og ein kan søkje om inntil 50% i spelemidlar.

**Prosjektnr. 604: Nytt doseringsutstyr til symjehallen**

Prosjektet har versert fra 2019 og her har vori fleire planar som syner seg å ikkje vere gjennomførbare. Anlegget er gamalt og utskifting av komponentar m.m. vil påføre konsekvensar i andre ledd igjen. Etter endå ei evaluering vil det vere tilrådeleg å gjennomføre tiltaket som ei investering framom driftskostnad.

**Prosjektnr. 752: Utbytting av gateljos**

I eit miljø- og kostnadsperspektiv vil det vere tilrådeleg å halde fram med å skifte ut gamle lysarmatur til Leddtekologi. Av totalt 406 lyspunkt har 103 armatur til no blitt bytta til ledlys. Det står såleis igjen å bytte ut 303 gatelys til ledtekologi.

**Prosjektnr. 804: Kartverk – Geovekstprosjektet**

Blir nytta i ein samarbeidsavtale alle kommunar har med Statens kartverk om oppgradering og tilrettelegging av kartdata for offentleg og allmenn bruk. Forbruket varierer frå år til år.

**Prosjektnr. 817: Kjøp av tomteareal**

Dette prosjektet innehold fleire areal:

1. Frikjøp av festeareal frå Opplysningsvesenets Fond for å få førebu sal av Fredtun og Soltun. Dette er festetomter der kommunen eig bustadane, og her er vedtak om at dei skal seljast.  
Budsjettsum kr 500 000,-. Me vonar at me endeleg kan ha kome til ei forståing med OVF gjennom 2020 der dei endeleg gjekk med på å selje festeareal tilhøyrande 5 – mannsbustaden Femstad. Pris pr kvm blei kr 100,-. Å selje bustadar der same festenummer har mange bygg gir ugreie eigedomstilhøve for framtidige kjøparar.
2. Det føreligg tilbod frå OVF om å kjøpe festearealet der gamle Prestegarden, Prestegardsløa m.m. ligg.  
Budsjettsum kr 620 000,-. Tomtearealet er på 4 829 kvm. I reguleringsplan for Prestneset er arealet avsett til bustadbygging og sentrumsføremål.

**Prosjektnr. 828: IFK-plan**

Det ligger inne kr 150.000 til prioritert prosjekt i IFK-planen. For meir informasjon om dette, viser ein til IFK-planen for 2021-2024.

**Prosjektnr. 877: Lokale for ungdomsklubben m.fl.**

Prosjektet ser på alternative lokale for ungdomsklubben. I tillegg blir det vurdert samlokalisering med biblioteket og frivilligsentralen for å auke opningstid og tilbod. Målet er å tilby gode og tilpassa lokale for ungdomsklubben som og kan nyttast som lågterskel møteplass og lokale for aktivitetar i regi av biblioteket og frivilligsentralen. Det kan vere nokre av kostnadane relatert til dette prosjektet må finansierast av Byglandstunet AS.

**Prosjektnr. 878: Stasjonsområdet Byglandsfjord**

Prosjekt som skal sjå på kva ein skal nytte stasjonsområdet til gjennom å belyse moglegheiter og potensiale som ligg i bygningane og i området. Området har eit potensiale som møteplass og arena for aktivitetar som vil kome både fastbuande og tilreisande til gode, men da innanfor dei rammene som dei freda bygningane har.

**Prosjektnr. 883: Prosjekt ENØK-tiltak Byglandsheimen**

Byglandsheimen er det bygget som krev mest energi for å halde varm og lys. Det ligg eit stort potensiale for å redusere energiutgiftene ved å investere i tiltak som reduserer framtidige energikostnadar. I 2020 er det utarbeidd ein energirapport som skisserer investeringar med innteningstid frå 4-7 år. Årleg energisparing kan utgjere i overkant av 167 000 kWh ved fleire alternativ. Her er vurdert som turvande å planlegge denne type prosjekt nøyne for å definere optimal løysing før det eventuelt blir igangsett bygging av eit heilt nytt energianlegg, og at denne prosjekteringa bør starte i 2021 og at sjølv utbygginga kan skje i 2022. Bruken av bygget fordrar også ein god logistikk i utbygginga. I 2023 er det ønskeleg å utføre tiltak som tek føre seg anna el-anlegg på bygget.

**Prosjektnr. 886: Nye tilhengarar (nytt prosjekt)**

Uteseksjonen har eit behov for å fornye tilhengarparken til transport av plenklypparar, materialar m.v. Fleire blir bruka dagleg og levetida på hengarar i dagleg bruk er kortare enn på t.d. ein bil. Behovet er også noko endra i

forhold til transport av t d tekniske hjelpemiddel. Ikkje alt som blir frakta bør kome i kontakt med vatn og vegsalt. Ein ser føre innkjøp av intil 4 hengarar som kan dekkje ulike behov. Fleire av dei hengarane som er i dag har liten restverdi.

**Prosjektnr. 887: Nytt system for sjukesignal Byglandsheimen (nytt prosjekt)**

Den nyaste delen av dette anlegget er ifrå 2003. Reservedelslager og eventuelle reperasjonar kan bli ei utfordring. Det finst mange løysingar i marknaden og årlege driftskostnadene kan vere ein variabel som er viktig å take omsyn til. Trådlause system har t.d. abonnementskostnadene. I eit «føre var»-perspektiv er det ynskjeleg å kartlegge / prosjekter nytt anlegg i 2021. Før eventuelt val og montering av nytt system i 2022 er det viktig at dei tilsette blir delaktige i val av system.

**Prosjektnr. 888: Kjøletiltak Sagmoen (nytt prosjekt)**

For å betre bu- og arbeidstilhøva på Sagmoen, så er det tilrådeleg å gjere tiltak som fremjar inneklimaet i den varme årstida.

**Prosjektnr. 890: Leilegheit Bygland (nytt prosjekt)**

Her viser ein til vedtak gjort av kommunestyret den 18.06.19 (PS 54/19): «Bygland kommune kjøper 1 leilegheit i den nye 6-mannsbustaden som Byggmester Kjetil Vegusdal vil oppføre på gnr. 47 bnr. 84 i Bygland sentrum.»

**Andre aktuelle prosjekt som ikkje ligg inne i investeringsbudsjettet per dags dato:**

**Prosjektnr. 602: Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter**

Ein mindre del av kostnaden på dette prosjektet vert gjennomført i 2021. Det vert ikkje lagt inn noko beløp i 2021-budsjettet, men ein minner om at kommunedirektøren har følgjande fullmakt, jf. kommunen sitt eige økonomireglement: «*Kommunedirektøren har fullmakt til: Å overføre budsjettbeløp i investeringsbudsjettet som følgje av forskyving av framdrift i prosjektet, ved at budsjettbeløpet vert redusert i rekneskapsåret og overført til påfølgjande år. Prosjektet sitt totalbudsjett kan ikkje endrast.*

**Oppgradering av Byglandsfjord brannstasjon**

Frå 2016 ligg det eit pålegg frå Arbeidstilsynet om at alle brannstasjonar skal ha fasilitetar som tilsei sanitære tilhøve (dusj og toalett) for både herrar og damer. Vidare skal inndelinga av lokala vere slik at ein kan definere reine og skitne soner. Poenget med dette er at det er påvist fleire krefttilfelle hjå brannmannskap, og at årsakene kan relaterast til yrkesutøvinga som inneber meir kontakt med kreftframkallande substansar. Det har ikkje vore tid til å rekne på kostnaden, men erfaring frå eit liknande prosjekt på Rysstad viser at dette prosjektet kan få ein kostnad på cirka kr 2 mill. inkl. bygging og prosjektering.

### 4.3 Finansiering av investeringar 2021

Det er planlagt å finansiere investeringane i varige driftsmidlar i 2021 i samsvar med tabellen under. Nedste delen av tabellen gjeld berre til finansiering av eigenkapitalinnskotet i KLP.

<b>Investeringsinntekter</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-415	-1 508	-1 730
Tilskot frå andre	-800	0	-3 409
Sal av varige driftsmidlar	-1 300	-300	-132
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	-600
Utdeling frå selskap	0	0	-910
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	0	-559
Bruk av lån	-4 870	-24 032	-15 466
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-7 385</b>	<b>-25 840</b>	<b>-22 806</b>
<b>Overføring frå drift og netto avsetninger</b>			
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	548
Netto avsetninger til eller bruk av ubundne investeringsfond	-550	-600	-543
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetninger</b>	<b>-550</b>	<b>-600</b>	<b>5</b>

Ein tek høgde for at mva-kompensasjonen er eit anslag. Under tilskot frå andre er det lagt inn kr 600.000 i spelemidlar som gjeld Bygland kulturscene, kr 150.000 i stadutviklingstilskot til stasjonsområdet på Byglandsfjord og kr 50.000 i Enova-tilskot til kjøp av elektrisk varebil. Per no er det fleire prosjekt som er delvis spelemiddel-finansierte, men dei resterande spelemiddelbeløpa vil ein kome tilbake til når prosjekta er ferdige.

Netto bruk av ubundne investeringsfond gjeld finansiering av eigenkapitalinnskotet i KLP, som ikkje kan låne-finansierast. Kommunen har kr 1 678 395 i ubundne investeringsfond per 01.01.20.

### 4.4 Utlån (startlån)

Det er budsjettert med følgjande utlån og avdrag i 2021:

<b>Vidareutlån</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Vidareutlån	1 000	300	0
Bruk av lån til vidareutlån	-1 000	-300	0
Avdrag på lån til vidareutlån	500	800	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-500	-800	0
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Opphaveleg budsjett for 2020 vert justert i 3. budsjettjustering, men per no viser ikkje budsjettet for 2020 realistiske tal. Rekneskap 2019 er ikkje med i oversikten over grunna endringar i budsjettoversiktene. For 2019-tal viser ein til kommunen si årsmelding for 2019.

Etter innskjerpa tildelingsreglar frå Husbanken, gjeldande frå 01.04.2014, er talet på søknadar om startlån merkbart redusert, men ein ser og at fullfinansiering er eit meir aktuelt alternativ enn tidlegare. I slutten av 2018 og i løpet av 2019 har det blitt innvilga to startlån. Dei ubrukte startlånmidla er på om lag kr 2,8 millionar i skrivande stund. Budsjettet ovanfor vil bli justert viss det skulle bli aktuelt å innvilge søknadar på høgare enn budsjettet beløp. Ved behandling av startlån i Bygland kommune vert forskrifter fra Husbanken lagt til grunn ([FOR-2014-03-12-273](#)).

## 4.5 Hovudoversikt investeringar i økonomiplanperioden

Kommunen sitt investeringsbudsjett for åra 2021-2024 balanserer med inntekter og utgifter på totalt kr. 28.135.000.

Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneholder følgjande:

Tall i 1000 kroner	Økonomi-plan 2021	Økonomi-plan 2022	Økonomi-plan 2023	Økonomi-plan 2024
<b>Investeringsutgifter</b>				
Investeringar i varige driftsmidlar	7 385	6 800	6 050	5 700
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	550	550	550	550
Utlån av egne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>7 935</b>	<b>7 350</b>	<b>6 600</b>	<b>6 250</b>
<b>Investeringsinntekter</b>				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-415	-670	-420	-357
Tilskot frå andre	-800	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-1 300	-300	-300	-300
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0	0
Bruk av lån	-4 870	-5 770	-5 330	-5 043
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-7 385</b>	<b>-6 800</b>	<b>-6 050</b>	<b>-5 700</b>
<b>Vidareutlån</b>				
Vidareutlån	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk av lån til vidareutlån	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Avdrag på lån til vidareutlån	500	500	500	500
Mottatte avdrag på vidareutlån	-500	-500	-500	-500
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Overføring frå drift og netto avsetningar</b>				
Overføring frå drift	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-550	-550	-550	-550
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>-550</b>	<b>-550</b>	<b>-550</b>	<b>-550</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)</b>				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	7 935	7 350	6 600	6 250
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>7 935</b>	<b>7 350</b>	<b>6 600</b>	<b>6 250</b>

## 4.6 Investeringsmidlar i økonomiplanperioden

Kommunen sitt investeringsbudsjett for åra 2021-2024 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 28.135.000. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 25.935.000.

Investeringsbudsjettet for anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar:

Tall i 1000 kroner	Økonomi-plan 2021	Økonomi-plan 2022	Økonomi-plan 2023	Økonomi-plan 2024
<b>Frå bevillingsoversikt:</b>				
<b>Netto investeringar til fordeling:</b>	<b>7 935</b>	<b>7 350</b>	<b>6 600</b>	<b>6 250</b>

Prosj.	Fordeling på prosjekt	Økonomi-plan 2021	Økonomi-plan 2022	Økonomi-plan 2023	Økonomi-plan 2024
560	Reinseanlegg Austadneset	0	300	3 000	0
563	Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar	0	1 000	0	0
565	Forprosjekt tilstandskartlegging, drift og vedlikehald av VA- og overflatevasssystem	160	0	0	0
567	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	1 400	0	0	0
568	Sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø	100	800	0	0
569	Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	300	0	0	0
570	Ny avlaupsbil - 2021	400	0	0	0
571	Sanere off. avlaupsanlegg Nesmoen	0	400	0	0
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	0	800	0	0
603	Turveg Byglandsfjord	400	700	1 300	0
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen	150	0	0	0
752	Utbytting av gateljos	300	0	0	0
804	Kartverk - Geovekstprosjektet	150	150	150	150
806	Bustadområde Austad	0	0	0	400
817	Kjøp tomtgrunn	1 100	500	500	500
828	IFK plan (idrett og friluftsliv)	150	150	150	150
841	Detaljprosjektering VA - Landeskogen	0	0	450	4 500
869	Ombygging av gammel gымsal til aula Bygland skole	0	300	0	0
877	Lokale for ungdomsklubben m.fl.	200	0	0	0
878	Stasjonsområdet Byglandsfjord	200	0	0	0
883	Prosjektering ENØK-tiltak Byglandsheimen	200	1 200	300	0
886	Nye tilhengarar - 2021	125	0	0	0
887	Nye sjukesignal Byglandsheimen - 2021	150	500	0	0
888	Kjøletiltak Sagmoen	200	0	0	0
889	Forprosjekt rehabiliter firemannsbustad Bygland	0	0	200	0
890	Leilegheit Bygland	1 700	0	0	0
951	Eigenkapitalinnskot KLP	550	550	550	550
<b>Sum fordelt</b>		<b>7 935</b>	<b>7 350</b>	<b>6 600</b>	<b>6 250</b>

### Kommentarar om dei einskilde tiltak for økonomiplanperioden 2022-2024

Innleiingsvis i dette avsnittet må ein påpeke at budsjettet er eit kostnadsoverslag. Eksakt kostnad får ein først når prosjekta har vore ute på anbod.

#### Prosjektnr. 560: Reinseanlegg Austad

Grunna pågående arbeid med reguleringsplan for Ose bygdesenter føreslår ein å vente med dette prosjektet til reguleringsplanen er ferdig.

#### Prosjektnr. 563: Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar

Med unntak av pumpestasjonen på Ose, så er dette prosjektet gjennomført. Med same grunn som for prosjekt nr 560, så føreslår ein å vente med dette prosjektet.

**Prosjektnr. 568: Forprosjekt sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø**

Følgjer av omtalen i avsnittet om årsbudsjettet.

**Prosjektnr. 571: Sanere utdatert avlaupsanlegg på Nesmoen**

Like attmed sørssida av vegen, vis-à-vis lokala til Agder Emballasje AS, har kommunen eit utrangert avløpsanlegg som ikkje lengre er i bruk. Det består av m.a. nedgravne tankar mm. For å eventuelt frigjeve areal til t.d. næringsareal, bør anlegget sanerast, noko som også er i tråd med forureiningslovverket, der prinsippet er at anleggseigar er ansvarleg.

**Prosjektnr. 601: Uteareal Bygland oppvekstsenter**

I 2019 blei utearealet framom Bygland skule oppgradert. I 2020 er det gjennomført oppgraderingar på uteareala til Byglandsfjord oppvekstsenter og i Bygland barnehage. Målsetjinga er å fullføre desse i 2020, men det vil stå igjen ein ubruka «pott» for prosjektet på Byglandsfjord. Sjå eigen omtale. Utifrå gjevne føringar omkring økonomisituasjonen for 2021 så blir det føreslått å utsette oppgradering av resterande uteareal på Bygland skule til 2022.

**Prosjektnr. 603: Turveg Byglandsfjord**

Følgjer av omtalen i avsnittet om årsbudsjettet.

**Prosjektnr. 804: Kartverk/Geovekstprosjekt**

Følgjer av omtalen i avsnittet om årsbudsjettet.

**Prosjektnr. 806: Bustadområde Austad**

Utifrå gjevne føringar omkring økonomisituasjonen for 2021 så blir det føreslått å utsette ferdigstillinga av dette området til 2024. Det er ei ulik oppfatning med straumleverandør og Bygland kommune i høve straumtilførselen til området og anleggsbidrag.

**Prosjektnr. 817: Kjøp av tomtegrunn**

Det ligg inne ein fast årleg sum til kjøp av tomter i perioden 2022-2024. Behov per år er usikkert, men ein ser at det kan bli aktuelt å kjøpe meir areal på Presteneset slik at kommunen blir eigar av arealet som reguleringsplanen for Presteneset dekkjer.

**Prosjektnr. 828: IFK-plan**

Det er årleg sett av kr 150.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen. Andre prioritera tiltak frå IFK-planen ligg inne med direkte finansiering gjennom investeringsplanen.

**Prosjekt nr 841: Veg og avlaup til Landeskogen**

